



Breheimen
nasjonalparkstyre

Møteinnkalling

Utvalg: Breheimen nasjonalparkstyre

Møtested: Loen

Dato: 05.12.2025

Tidspunkt: 08:30

Eventuelt forfall må meldes snarest til nasjonalparkforvalter. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

I tillegg til vedtakssakene blir det orientering om ein rapport frå SNO. Det blir òg ein gjennomgang av feltsesongen 2025, der SNO og sekretariatet fortel om erfaringar og resultat.

Saksliste

Utvalgs-saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv-saksnr
ST 40/25	Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar		
ST 41/25	Breheimen NP - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2029 - helikopter - snødekt mark - fangst og radiomerking av jerv - Norsk institutt for naturforskning NINA		2025/10781
ST 42/25	Breheimen nasjonalpark - Oppsetting, drift og vedlikehald av skredtårn - Utløysing av skred - 2026-2031 - Hydro Energi		2024/4557
ST 43/25	Breheimen nasjonalparkstyre - midlar til tiltak i verneområder - SNO-ressursar -2026		2025/11937
ST 44/25	Eventuelt		

ST 40/25 Godkjenning av innkalling og sakliste - val av to medlemmar til å skrive under protokoll saman med styreleiar /



Arkivsaksnummer: 2025/10781-3

Saksbehandlar: Stein Magne Grevrusten

Dato: 28.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	41/25	05.12.2025

Breheimen NP mfl. - dispensasjon - motorferdsel - 2026 - 2029 - helikopter - snødekt mark - fangst og radiomerking av jerv - Norsk institutt for naturforskning NINA

Innstilling frå forvaltar

I styremøte den 05.12.2025 har Breheimen nasjonalparkstyre gjeve Norsk institutt for naturforskning (NINA) løyve til bruk av helikopter og snøskuter i samband med prosjektet: «Jerv som predator på småfe i Nord-Gudbrandsdalen». Løyvet er gjeve med heimel i fyrste alternativ i § 48 i naturmangfaldslova.

Løyvet blir gjeve med følgande villkår:

- Løyvet gjeld f.o.m. 15. februar t.o.m. 15.april, i 2026, 2027, 2028 og 2029.
- Løyvet til lågflyging og landing med helikopter og bruk av snøskuter i verneområda gjeld for dei operasjonane som er strengt nødvendig i løpet av prosjektperioden på 4 år.
- På snødekt mark kan personell frå NINA bruke inntil 2 snøskuterar i samband med merking/sporing.
- Bruk av snøskuter og helikopter skal planleggjast grundig og gjennomførast saman med og/eller i samråd med lokalt SNO i Breheimen. Det er søkjar sitt ansvar å opprette kontakt i dei ulike tilfella.
- I god tid før kvar operasjonsdag skal SNO Breheimen, v/ Jo Trygve Lyngved (tlf.: 99 24 04 16) varslast om dato og opplegg for merking m.m..
- Motorferdsel skal haldast på eit minimum og skal skje skånsamt av omsyn til dyreliv, naturmiljø og friluftsliv. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen i dette prosjektet. Terskelen for å avbryte sporing/merking ved negativ påverknad på villreinen skal vere låg.
- Bruk av snøskuter og helikopter skal som hovudregel skje på vekedagar, og ikkje på helg og heilagdag. Berre i heilt spesielle tilfelle er det anledning til å gjennomføre dette på helg. Dette skal avklarast med nasjonalparkforvaltar.

- Bruken av snøskuter skal så langt det er mogleg følgje eksisterande skuterspor og ein skal køyre på rekke slik at ein unngår mange spor ved sida av kvarandre.
- Løyvet til motorferdsel og køyrebok skal vere med under transporten for eventuell kontroll. Køyrebok (vedlagt) skal fyllast ut før kvar tur. Køyrebok skal sendast nasjonalparkforvaltninga på e-post: sfinpost@statsforvalteren.no innan 1.juni kvart år.

Vi gjer oppmerksam på at løyvet berre gjeld i forhold til naturmangfaldlova og verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark, Mysubytta landskapsvernområde, Strynefjellet landskapsvernområde og Høydalen landskapsvernområde. Søkjar er sjølv ansvarleg for å innhente løyve etter anna lovverk frå kommune og grunneigar.

Vedtaket kan klagast inn for Miljødirektoratet av ein part eller andre med rettsleg klageinteresse, jf. forvaltningslova § 28. Frist for klage er tre veker frå vedtaket er motteke. Ei eventuell klage stilast til Miljødirektoratet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Uttale frå Reinheimen-Breheimen villreinutvalg, datert 21.10.2025 (i samband med behandling av saka i Reinheimen nasjonalpark).
- Uttale frå Reinheimen-Breheimen villreinnemnd, datert 16.10.2025 (i samband med behandling av saka i Reinheimen nasjonalpark).
- Søknad frå Norsk institutt for naturforskning, datert 01.10.2025.

Saksopplysningar

Søknaden:

Søknad om tillatelse til lavtflyging, landing med helikopter og bruk av snøskuter i forbindelse med fangst og radiomerking av jerv (2026–2029)

Søker: Norsk institutt for naturforskning (NINA) ***Forskningsprosjekt:*** «Jerv som predator på småfe i Nord-Gudbrandsdalen» ***Område:*** Dovrefjell–Sunndalsfjella nasjonalpark, Reinheimen nasjonalpark, Breheimen nasjonalpark og Jotunheimen nasjonalpark, alle med tilhørende landskapsvernområder ***Tidsrom:*** 15. februar–20. april i sesongene 2026, 2027, 2028 og 2029

Vi søker herved om tillatelse til lavtflyging, landing med helikopter og bruk av snøskuter i de ovennevnte nasjonalparkene med tilhørende landskapsvernområder i Nord-Gudbrandsdalen i forbindelse med fangst og radiomerking av jerv.

Bakgrunn og formål

NINA fikk i 2025 i oppdrag fra Miljødirektoratet å dokumentere jervens rolle som skadevolder på sau. Prosjektet gjennomføres i kommunene Dovre, Lesja, Skjåk, Lom og Vågå. Målet er å kvantifisere hvor ofte ulike jerver dreper sau og andre byttedyr ved å følge GPS-merkede individer og undersøke alle lokaliteter der predasjon mistenkes. I spissen for prosjektet står

forskere fra NINA og NIBIO, sammen med Skjåk kommune og beitebrukere i NordGudbrandsdalen. Les mer om prosjektet [her](#).

Metode og gjennomføring

Jerv fanges og bedøves fra helikopter etter standard metodikk, og utstyres med GPS-halsbånd. Alle nødvendige tillatelser fra Mattilsynet og Miljødirektoratet vil foreligge før oppstart av fangst.

Prosjektet tar sikte på å merke 4–6 jerver hver vinter fram til våren 2029. Fangstperioden er 15. februar–20. april i hver av de fire sesongene. Aktivitet styres av vær- og føreforhold, men vi anslår behov for om lag 14 operasjonsdager per sesong. I en operasjonsdag kan det bli opptil seks landinger knyttet til fangst samt forflytning av jerv og personell.

Ved sporingsarbeid kan NINA-personell benytte snøskuter i et begrenset omfang. Dette arbeidet vil i stor grad skje i samarbeid med Statens naturoppsyn (SNO). Vi vil holde motorferdsel på et absolutt minimum, og det vil også i stor grad benyttes ski.

Hensyn til verneverdier

Tiltaket vil gjennomføres på en mest mulig skånsom måte, og vi vil ta hensyn til villrein i arbeidet. Etter vår vurdering vil den tidsavgrensede og begrensede bruken av helikopter og snøskuter ha liten effekt på verneverdiene. Både nasjonal og regional forvaltning har understreket et akutt behov for kunnskap som kan redusere konfliktnivået mellom rovvilt og sauehold. Vi mener derfor at eventuell negativ påvirkning må veies opp mot nytteverdien av studien.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark, Mysubytta landskapsvernområde, Strynefjellet landskapsvernområde og Høydalen landskapsvernområde til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.

Verneformål – forskrift

Formålet med Breheimen nasjonalpark er å sikre eit stort, samanhengande og villmarksprega fjellområde med urørt natur, biologisk mangfald, kulturminne og kulturlandskap, samt å leggje til rette for enkelt friluftsliv i samsvar med naturmangfaldlova og verneforskrifta.

Formålet med Strynefjellet landskapsvernområde er å sikre eit eigenarta høgfjellslandskap med natur- og kulturverdiar, inkludert leveområde for villrein og særprega vassdragsnatur, samt å leggje til rette for enkelt og naturvenleg friluftsliv i samsvar med verneforskrifta og naturmangfaldlova.

Formålet med Høydalen landskapsvernområde er å ta vare på eit eigenarta natur- og kulturlandskap med setermiljø, biologisk mangfald, geologiske verdiar og særprega

vassdragsnatur, samt å leggje til rette for enkelt og naturvenleg friluftsliv i samsvar med verneforskrifta og naturmangfaldlova.

Formålet med Mysubytta landskapsvernområde er å ta vare på eit natur- og kulturlandskap med økologisk, kulturell og opplevingsmessig verdi, inkludert verdifulle setermiljø, vegetasjon, kulturminne, biologisk mangfald, geologiske førekomstar og særprega vassdragsnatur, samt å leggje til rette for enkelt og naturvenleg friluftsliv i samsvar med verneforskrifta og naturmangfaldlova.

Med bakgrunn i forskingsprosjektet er det søkt om løyve til bruk av helikopter og snøskuter. Tiltaket kan omfatte motorferdsel både i nasjonalparken og i 3 landskapsvernområde i Lom og Skjåk. Motorferdsel på land, vatn og snødekt mark, samt lågflyging og landing med luftfartøy, er forbode i nasjonalparken og landskapsvernområda. Motorisert ferdsel i samband med fangst og radiomerking av jerv er ikkje omtala i verneforskriftene og må vurderast som unntak etter naturmangfaldlova § 48.

Forvaltningsplan

I forvaltningsplanen for Breheimen er det framheva forvaltningsmål om forskning:

Det er eit mål at verneområda i Breheimen kan nyttast til forskning og undervisning når det er naudsynt for kvalitet og resultat på forskings- eller undervisningsprogram, så lenge det er i tråd med verneføremålet, og nytten overstig skade/ ulempe for naturmiljøet. Breheimen nasjonalparkstyre skal ha god kontakt med forskingsmiljøa som nyttar Breheimen og nærliggjande område. Kunnskap om, og formidling av forskingsresultat er ei viktig oppgåve for forvaltinga.

Forvaltingsmyndigheita kan gje løyve til forskingsaktivitet innanfor verneområda med heimel i verneforskrifta § 4, jf. naturmangfaldlova § 48, når vilkåra for å gje slikt løyve er oppfylt.

Under retningslinjer for forvaltning og bruk står det:

Forskings- og undervisningsopplegg som kan gjennomførast med tilnærma same verdi utanfor verneområda, skal kanalisert dit.

Forskning og undervisning som ikkje er i strid med verneføremålet og som skjer i samsvar med vernereglane kan skje utan løyve. Elles kan nasjonalparkstyre gje løyve til forskingsaktivitet gjennom dei generelle dispensasjonsreglane i forskriftene.

Aktivitetar i samband med forskingsprosjekt som krev løyve etter verneforskriftene, skal skje i regi av universitet, høgskule, forskingsinstitutt eller anna godkjend instans med forskingskompetanse.

Forskningsprosjekt i Breheimen nasjonalpark skal som hovudregel byggje på undersøkingar i urørt natur, eller vere retta mot aktuelle forvaltingsretta problemstillingar/utfordringar som vedkjem verneføremål og verneområde. Kravet i høve urørt natur vil ikkje vere like viktig i landskapsvernområda og forskning knytt til kulturlandskap og kulturhistorie vil bli prioritert.

Aktuelle forskingsprosjekt må tilfredsstille vitskapelege krav til oppbygging og gjennomføring.

Naturmangfaldlova

Som nemnt tidlegare må denne saka vurderast som unntak etter § 48 i naturmangfaldlova. Denne paragrafen stiller svært strenge krav til når ein dispensasjon kan vurderast, og opnar berre for dispensasjon dersom tiltaket «*ikkje strir mot verneformålet og ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig*». Begge vilkår må vere oppfylte. Dispensasjon skal heller ikkje gjevast sjølv om vilkåra elles kan vere oppfylte. Skjønn og instruksar frå overordna styresmakter spelar òg inn. Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast til å utvide rammene som er gjevne i vernevedtaket, men fungerer som ein tryggingsventil for å fange opp uventa eller heilt spesielle tilfelle som ikkje vart vurderte på vernetidspunktet.

Omsynet til verneverdiane i området skal vurderast, med særleg vekt på landskap, dyreliv og friluftsliv. Vurderinga skjer i tråd med verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1 (føremål), 4 og 5 (forvaltingsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for offentlig avgjerd), jf. §§ 8–12 om kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp.

Vurdering


Utmarksbeite utgjer ein vesentleg del av fôrgrunnlaget i norsk landbruk. Tap av sau til rovvilt er ei stor utfordring, og jerv har lenge vore ein konfliktfaktor i delar av Breheimen. Vi veit at jerven tek sau, men det manglar presis kunnskap om kor ofte dette skjer og under kva forhold. Dette kunnskapsgapet har skapt utfordringar for både beitenæringa og forvaltninga. Til no har ingen studiar klart å dokumentere sikre tal på kor mange sau ein enkelt jerv tek over tid – såkalla predasjonstakt. Mangelen på slik kunnskap gjer det vanskeleg å utforme treffsikre tiltak for å redusere tap og konflikt. Miljødirektoratet har nå sett i gang prosjektet «Jerv som predator på småfe» for å skaffe meir presis kunnskap om jervens predasjon på sau. Prosjektet blir leia av forskarar frå NINA og NIBIO, i samarbeid med kommunane og beitebrukarar i Nord-Gudbrandsdalen. Området er valt fordi det har særleg store utfordringar med tap av sau til jerv.

Dette prosjektet kan i fyrste omgang koma i konflikt med villreinen i Breheimen. Sekretariatet for Reinheimen nasjonalparkstyre har innhenta uttale frå både villreinutvalg* og villreinnemnd** i samband med behandling av liknande sak i Reinheimen:


** «Nå er det ein truverdige søkjar det er prat om. Slik sett vil eg tru naturomsyn står langt fram i køen. Men 20.april tykkjer eg er litt nære kalvinga. Ein vil jo at dyra skal få mest mogleg ro i forkant. 10/15.april hadde vore betre. I tillegg bør det vere ein dialog mellom villreinutvalet og dei utførande i forkant av kvar flyging. Ein vil jo ikkje drive denne aktiviteten i utsette område. Områda er jo vanskelege å forutsi. Særleg nå når det er stor endring i områdebruk. Enkelte område er også meir utsette enn andre mtp. Topografi».*

*** «Nemnda meiner dette er eit viktig prosjekt som vi er positive til. Samstundes er vi opptekne av at villrein blir minst mogleg forstyrta i samband med prosjektet. I den grad det er mogleg, ynskjer vi at merking og ferdsel i samband med merking blir gjort så tidleg som mogleg på vinteren (villrein er meir sårbar når ein nærmar seg kalving). Vi ynskjer også at ein i størst mogleg grad unngår merking og motorferdsel i kalvingsområda, men vi har forståing for at dette kan vera vanskeleg å unngå. Det kan vel hende jerven ofte er å finne i eller i nærleiken av villrein sine kalvingsområde». (Understreking gjort av forvaltar).*


I kvalitetsnormen for villrein er kunnskapen om villreinen m.a. oppsummert i ulike kartlag som viser villreinens områdebruk til ulike tider av året. Kartlegging av villreinen sin arealbruk kan nyttast til å føreseie korleis villreinen truleg vil bruke ulike område til bestemte tidspunkt. Villreinen er ein art som normalt har ei dynamisk beitebruk over tid. I naturen finst det sjeldan tydelege grenser for villreinen si bruk av eit område. Ein kan difor ikkje sjå på grensene i kartet som absolutte avgrensingar, men som visualiseringar av den sannsynlege arealbruken til reinen.



Kartet viser kalvings- og oppvekstområde (www.villrein.no)



Kartet viser område for vinterbeite (www.villrein.no)



Kartet viser trekkvegar (www.villrein.no)

Nasjonalparkforvaltar meiner at det er tilstrekkeleg kunnskap om området og konsekvensane av å bruke helikopter/snøskuter til dette formålet. Med bakgrunn i forvaltningsplanen for Breheimen, databasar (InnlandsGIS, Naturbasen og Artsdatabanken), ulike naturfaglege rapportar og generell kunnskap om området, er det god oversikt over kva som kan påverke natur og miljø negativt.

Nasjonalparkforvaltar meiner at prosjektet er av stor interesse m.a. med tanke på at prosjektet kan gje ny kunnskap om jerven sin områdebruk og påverknad på småfe i området. I beitenæringa, spesielt i Skjåk, har det vore store tap av sau til jerv dei siste åra. Fleire gardbrukarar har slutta med sau og fleire vurderer å slutte. Store tap av sau på utmarksbeite er ei stor påkjenning både for dyra og dyreeigarane. At det eventuelt skulle bli færre småfe på utmarksbeite er på sikt uheldig også for verneverdiane i både nasjonalparken og spesielt i landskapsvernområda. Vi er heilt avhengig av å ha fleire småfe på utmarksbeite for å redusere attgroing i fleire av våre verneområde.

Med bakgrunn i dette meiner nasjonalparkforvaltar at ein bør prøve å legge til rette for at prosjektet kan gjennomførast i Breheimen slik som omsøkt. Det er viktig at eit slik prosjekt ikkje kjem i nemneverdig konflikt med verneverdiane i verneområda. I samband med dette prosjektet er det viktig at aktørane er kjent med villreinen sin bruk av areala og at det blir teke omsyn til dette. For å ivareta naturmiljøet kan forvaltningsmyndigheita m.a. stille villkår som har som formål å avgrense ein eventuell skadeverknad av eit eventuelt løyve.

Det som vil påverke verneverdiane i denne samanhengen er motorisert ferdsel med helikopter og snøskuter. For at ein skal kunne si ja til gjennomføring av ei slik tiltak som dette, er det avgjerande at motorferdsla må avgrensast til det som er strengt nødvendig. I denne samanhengen er det viktig at all motorferdsel skjer saman med, eller i samråd med, lokalt SNO i Breheimen. Lokalt SNO sitter på god kunnskap om villreinens bruk av området til ulike tider av året. Dei har også god kjennskap til jervens bevegelsar i området og er periodevis ofte ute for å spore jerven. Det er da viktig at dialogen mellom lokalt SNO og NINA/NIBIO er tett slik at ein oppnår god erfaringsutveksling og at ein unngår «dobbeltkøyring» ute i fjellet. Periodevis kan behovet for motorferdsel vere stort, eksempelvis dei dagane det er prat om merking. I denne samanhengen er det viktig at slike dagar er godt planlagde og at dialogen mellom partane er tett både i forkant, undervegs og i etterkant.

Det er ikkje tvil om at auka bruk av helikopter og snøskuter i Breheimen vil vere negativt for både dyreliv og dei som eventuelt driv friluftsliv i området, og det er avgjerande at påverknaden blir redusert mest mogleg. Nasjonalparkforvaltar stiller seg bak uttalane frå villreinnemnd og villreinutval med tanke på tidsperiode for gjennomføring av merking om vinteren. Vinteren er ei sårbar periode for villreinen og ein må passe på at gjennomføring av prosjektet ikkje vil få negative konsekvensar for villreinen. Terskelen for å avbryte sporing/merking må vere låg for å ivareta villreinen på ein god måte.

Det må understrekast at heile prosjektet og ivaretaking av verneverdiane i prosjektperioden er heilt avheng av at søkjar har ein tett kontakt med lokalt SNO i alt som skal skje i verneområda. Det vil også vere naturleg at ein gjennomfører ei evaluering av korleis dette har fungert etter fyrst vinteren for å eventuelt gjere justeringar. Nasjonalparkforvaltar meiner at dersom dialogen med lokalt SNO er tett, og at vilkåra i saken blir følgt, vil nytten av prosjektet vere større enn dei eventuelle negative konsekvensane på omgjevnaden.

Ei vurdering for alle verneområda er at dersom vilkåra i saka blir følgde, vil tiltaket ikkje påverke verneverdiane eller verneformålet nemneverdig. Den samla belastninga på økosystemet er vurdert som akseptabel, og det er difor ikkje nødvendig å ta i bruk *føre-var-prinsippet* i denne saka. Bruken av helikopter og snøskuter er avgrensa i tid, der føremålet er å registrere/merke jerv i prosjektet. Nasjonalparkforvaltaren vurderer at dette ikkje vil ha nemneverdig innverknad på verneformålet eller verneverdiane. Det er òg vurdert at tiltaket ikkje vil skape uheldig presedens, då NINA er ein av få institusjonar som driv med denne typen forskning (jf. §§ 8–10).

Det er vurdert at tiltaket ikkje vil medføre miljøforringing, men tiltakshavar har plikt til å gjennomføre nødvendige tiltak for å sikre at naturmangfaldet ikkje blir skadelidande. Dersom dette ikkje blir gjort, kan tiltakshavar bli pålagt å rette opp skaden i ettertid. Når det gjeld miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar, er bruk av helikopter og snøskuter vurdert som den mest skånsame måten å gjennomføre registrering og merking av jerv på. Det blir lagt vekt på å fastsetje vilkår som regulerer verksemda for å unngå eventuell skade på natur og miljø (jf. §§ 11–12).

Ut frå ei samla vurdering meiner nasjonalparkforvaltaren at tiltaket kan gjennomførast med dei vilkåra som er fastsette i løyvet.



Arkivsaksnummer: 2024/4557-17

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 28.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	42/25	05.12.2025

Breheimen nasjonalpark - Oppsetting, drift og vedlikehald av skredtårn i samband med utbygging av Illvatn kraftstasjon– 2026 til 2031 - Hydro Energi AS

Innstilling frå forvaltar

Alternativ 1:

I styremøte den 4 desember 2025 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje Hydro Energi AS løyve til oppsetjing av ni skredmaster, vedlikehald av desse og demontering i perioden 2026-2031. Det vert gjeve løyve til detonasjon av skred ved bruk av sprengstoff når det er skredfare som kan påverke bruken av anleggsvegen i samband med utbygging av Illvatn kraftstasjon. Løyvet er heimla naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd andre alternativ.

Oppføring og demontering av installasjonar:

- Løyvet gjeld perioden 01.09.2026 – 01.10.2031
- Oppføring av ni skredmaster med stålramme som fundament, i tråd med søknaden (5 ved Øyaskredene og 4 ved Fossabakkane), skal skje frå og med 01.09 - 01.12.2026.
- Ein skal bruke kortast mogleg tid ved utføring arbeidet ved oppføring og demontering.
- Løyvet omfattar landingar med helikopter og lågtflyging til og frå områda som er omsøkt i tråd med behovet som er gjeve i søknaden.
- Transporten skal utførast på vekedagar. Transport skal ikkje utførast på heilagdagar, søndagar, eller i forbindelse med påske.
- Bruk av helikopter skal avgrensast til det som er strengt naudsynt.

Vedlikehald

- Det vert gjeve løyve til inntil 20 landingar/landingar med magasin til skredtårna kvart år i perioden 01.06-01.12.
- Det vert gjeve løyve til inntil 6 landingar kvart år i perioden 01.09-01.12, for åra 2026-2031 for kontroll og vedlikehald av skredmaster.
- .

Generelt

- Søkjar pliktar å rydde restar av installasjonane og evt. materialar som kjem av utløyning av skred i all framtid.

- Anleggsvegen mellom Øyane og Fivlemyr skal vera stengt for allmenn ferdsel og køyretøy brukt av ålmenta i den perioden som skredtårna har ein funksjon (når vegen eigentleg har vore rekna som vinterstengt).
- Dersom det vert observert villrein innanfor landingsområda, eller inntil 1 km frå områda skal forsøk på landing avbrytast.
- Ved observasjonar av villrein skal SNO Breheimen og fjelloppsynet til Luster Austre fjellstyre varslast så snart som råd.
- Utarbeida varslingsrutinar skal sendast til nasjonalparkforvaltar i forkant av arbeidet.
- Under flying skal det takast særleg omsyn til naturmiljøet, dyrelivet og dei som driv friluftsliv.
- Statens Naturoppsyn v/Liv Byrkjeland (tlf. 958 74 196) skal ha melding om helikoptertransport seinast 24 timar før transport
- Løyve til motorferdsla og køyrebok skal vera med under transporten. Køyrebok skal fyllast ut før kvar tur.
- Køyrebok, flygeruter og rapport med informasjon om snøforhold, opningstider for anleggsvegen, observasjon og tiltak knytt til villrein og andre grunnar for avbryting av motorferdsel skal sendast forvaltningsmynde innan 1 november kvart år i perioden.

Me gjer dykk merksam på at løyvet berre gjeld i forhold til naturmangfaldlova og verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

Alternativ 2:

I styremøte den 4 desember 2025 har Breheimen nasjonalparkstyre vedteke å gje **avslag** på søknaden til Hydro Energi AS om oppsetting av skredtårn innanfor Breheimen nasjonalpark. Bakgrunn for vedtaket er at vilkåra i naturmangfaldslova § 48 ikkje er oppfylt.

Klage

Vedtaket kan klagast inn for Miljøverndepartementet av partar i saka eller andre som har rettsleg klageinteresse med ein frist på 3 veker jf. forvaltningslova § 28. Ei eventuell klage skal rettast til Miljøverndepartementet, men sendast til Breheimen nasjonalparkstyre.

Vi gjer oppmerksam på at løyvet berre gjeld i forhold til naturmangfaldlova og verneforskrifta for Breheimen nasjonalpark.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

Søknad frå Hydro Energi - Søknad om midlertidig oppsett av skredtårn og vêrstasjonar ved Øyabotn og Fossabakkane, datert 11 september 2025

- Vedlegg 1. Wyssen AS Notat om skredtårn og instrumentering
- Vedlegg 2. Norconsult Illvatn kraftverk – Kartlegging og virkning av skredkontroll


Informasjonsmøte med Hydro Energi 28.10.2025

Oppdatert søknad frå Hydro Energi – datert 12.11.2025

Saksopplysningar

Hydro Energi (Hydro) søker om dispensasjon til oppsett av ni skredtårn samt utløyising av skred i vinterhalvåret fram til det tidspunktet å våren/forsommaren kor det ikkje lenger er fare for skred, innanfor nasjonalparkens grenser i Fortunsdalen i Luster i Vestland. Søknaden

gjeld anleggsperioden 2026-2031 og gjeld også vedlikehald av installasjonane og fjerning av installasjonane etter anleggsperioden er avslutta (sjå figur 1).



Figur 1: Oversikt over plassering av skredtårn (brun sirkel), værstasjoner (rød sirkel) og stasjoner for kameraovervåking (lilla stasjoner). I tillegg vil det være værstasjoner på enkelte av skredtårnene. Grønn markering viser nasjonalparkgrensen. T.v. vises området ved Fossabakkane, t.h. vises området ved Øyaskredene.

Søklar skriv i søknaden at under bygging av Illvatn kraftstasjon vil det vera stort behov for transport mellom nedre del av Fortunsdalen og opp til anleggsplassane ved Fivlemyr og Illvatn. Vegen som går opp Fortunsdalen vil i utgangspunktet vera stengt vinterhalvåret i hovudsak grunna skredfare og påfølgjande HMS risiko. Alternativ transport er då helikopter.

For å redusera risikoen ved bruk av anleggsvegen, og auke oppetida, er det vurdert moglegheit for å utløyse skred ved bruk av skredtårn på ein kontrollert måte.


Dersom ein kan setje opp skredtårn og vegen er mogleg å nytte meir eller mindre året rundt vil gjennomføringstida på anlegget kunne reduseraast med eitt år. Vinteropen veg vil auke oppetida for anleggsområdet med færre driftsavbrot, betre tilgang på t.d. sprøytebetong, og gjer moglegheita for justeringar i planlegging som redusera total anleggstid med omlag 5 månadar. Vinteropen veg vil redusera behovet for person- og varetransport med helikopter vinterstid til tilnærma null. Dette er ein reduksjon på opp mot 100 flyturar i månaden, som igjen tilsvara ein reduksjon på 2000 turar i prosjektperioden (basert på ein erfaringsmessig normalvinter). Ved vinteropen veg vil det også vera mindre behov for vinterlagring, som igjen vil redusera behovet for riggområde ved Fivlemyr.

Bruk av værstasjonar og skredtårn er eit viktig og sentralt risikoreduserande tiltak for prosjektet. Det gjev ein betre kontroll og oversikt over forholda og gjer det mogleg å både redusera og handtera omsynet til HMS og framdriftsrisikoar i prosjektet på ein meir effektiv og trygg måte. Ved eventuelle hendingar vil området vera meir tilgjengeleg noko som sikrar enklare og meir effektiv handtering av naudsituasjonar, samt at personell vil i færre tilfelle vert stranda på fjellet grunna dårleg flyvêr. I tillegg vil tilgangen på sprøytebetong vinterstid redusera HMS risiko knytt til boltar i tunell då risikoen for språkutvikling reduserast.

Wyssen AS har utarbeida forslag til skredtårn og instrumentering for prosjektet og skriv at for å sikra at anleggsvegen kan brukast i størst mogleg tidsrom er det naudsynt med ni skredtårn og ein vêrstasjon. Konsekvensen av å redusera tal skredtårn er at ved utløysing av skred, kan det vera att områder kor skred ikkje vert løyst ut og konsekvensen vert då at ein er nøydd til å halda anleggsvegen stengt sjølv om skredkontroll er gjennomført. Gjennom barmarkskartleggingar sommaren 2025 vart behovet for tal skredtårn justert ned frå 12 til ni.

Tiltaket gjeld oppsett av totalt ni skredtårn og ein vêrstasjon innanfor nasjonalparkgrensa. Vêrstasjon har Hydro Energi fått tillatelse til i styremøte 5 november 2025. På eitt av ni skredtårn vil det også vera installert ein vêrstasjon. Plassering av installasjonane er vist i figur ovanfor.

Skredtårna er 10-15 meter høge og har eit tilknytt magasin, som rommar 12 eller 24 sprengladningar, kor skred vert automatisk utløyst (fjernstyrt) ved bruk av sprengstoff. Kvart skredtårn krev omlag 16 m² til fundament. Tårnet er forankra i fjell med fem stag som avstivast med en stålramme som er 1 m x 1 m. Stålramma erstattar behovet for eit betongfundament. Ved avslutta prosjekt kan tårn og stålramme fjernast, og forankringsstag med tilhøyrande fôringsrøyr skjærast vekk. All synleg fundamentering vil fjernast ved anleggsslutt (estimert 2030-2031). Områda vil då tilbakestillast til opprinneleg tilstand.



Figur 6: Wyssen snøskredtårn med magasin og ladning hengende slik den gjør før detonasjon. Grafikk: Wyssen Avalanche Control AG



Figur 16: Fundament skredtårn, med tårn montert. Etter endt prosjekt kan fundamentet kappes helt nede ved bakken etter at tårn og stålramme er fjernet. Foto: Wyssen.

Montering og vedlikehold

Det vil vera behov for transport opp til dei ulike områda i forbindelse med oppsett av skredmastene.

For etablering av skredtårn beskriv søkjar byggeprosessen slik:

«Enkel beskrivelse av byggeprosessen

Byggingen av skredtårnet kan deles inn i fire faser, som er beskrevet under. Alle fasene vil kreve bruk av helikopter, enten til personelltransport eller flytting av utstyr og materiell.

...

1. Eventuell tilkomst- og arbeidssikring

- a. Festing av sikringspunkter med ekspansjonsbolt hvis det må jobbes i tau*
- b. Lett rensk av løse steiner hvis dette utgjør en fare for arbeidsområdet*

2. Klargjøring av fundament

- a. Bore og feste monteringsjigg: Borehull med kvadrat opp til ca. 2 x 2 m, bardunering med ekspansjonsbolter opp til ca. 4 x 4 m.*
- b. Grave vekk løsmasser og klargjøre for boring. Her kan det være behov for å kappe/chippe vekk litt fjell, ca. 1 x 1 m, for å få en nært horisontal arbeidsflate.*

3. Boring og gysing

- a. Bore fire vertikale hull og et skrått hull, med diameter 120 mm senere 90 mm, og dybde 3 - 8 meter. Dybden vil avhenge av kvaliteten på fjellet.*
- b. Sette ned og gyse forankringsstag i alle hull.*

4. Montering av tårn

a. Montere tårnet i tre deler. Stålfundament, nedre del av tårn og øvre del av tårn.

5. Klargjøring og oppflyging av magasin

a. Lade opp magasin på riggplass med 12 eller 24 ladninger.


b. Fly opp fulladet magasin på tårnet.»

Wyssen har estimert helikopterbruk for 10 skredtårn (det er søkt om oppsetting av 9 stk), fra oppstart til operativt system, til følgende:

- Eitt arbeidslag 60 dager
- To arbeidslag 30 dager.

Eit arbeidslag er fra 4-6 personer. Arbeidsomfanget og framdrift avheng også av grunnforhold, tilkomst og værforhold.

Estimert arealbruk visast under:



Figur 9: Skisse over utstyr som må utplasseres i terrenget ved bygging av skredtårn. Terrenget styrer hvor mye areal det arbeides på. Arealene i figuren er omtrentlige. Nødbrakke behøves *ikke* å flytte mellom hvert tårnpunkt, men vil stå en plass den kan nås fra mange byggeområder, altså trolig ett sted i Øyaskredene og ett sted på Gravdalsnosi.

Tabell 9: Omtrentlig areal som behøves for å plassere utstyr for bygging av ett skredtårn.

Gjenstand	Vekt (kg)	Areal (m ²)	Kommentar
Nødbrakke	900	18	Krever ingen terrenginngrep, flyttes ikke mellom hvert tårnpunkt
Byggeområde m/ borerigg	200	16	Graving til fast fjell der tårnet skal stå, ellers minst mulig
Hydraulikkaggregat m/ ekstra dieseltank	850	6	Mulig lett planering for trygg plassering
Kompressor	750	6	Lar seg ofte plassere uten planering. Kan dekke to tårnpunkt om de er mindre enn ca. 200 m fra hverandre
Stag++	500	3	Ingen terrenginngrep
Verktøykasse	650	1	Mulig lett planering for trygg plassering
Vanntank	700	1	Mulig lett planering for trygg plassering.
Gysepumpe	150	1	Mulig lett planering for trygg plassering
Gysemasse	600	1	Mulig lett planering for trygg plassering

I forbindelse med etablering av skredtårna er det eit behov for arbeid i ca. 30 dagar med i gjennomsnitt 6 helikopterløft per dag (estimat).

Etter oppsett vil det vera eit årleg vedlikehald av skredtårna. Dette gjeld magasin delen av masta og sjølve tårnet. Magasina vil verta frakta ned til eigna lagerplass sommarstid for å utføra vedlikehald og byta ut sprengladningar. Det vil medføra helikopterfrakt både opp til skredmastene for å ta ned magasin og tilbake igjen ved eit seinare tidspunkt for å setje opp magasin igjen. Tidspunkt avhenger av vêrforhold. Sjølve skredtårna går også gjennom ein årleg sjekk, dette krev utflyging av personell til aktuelle stadar og folk arbeidande i området i to til tre dagar. Dette vil også avhenge av vêrforhold.

Nasjonalparkforvaltar viser under eit estimat på behov for helikopterløft ut frå søknaden som er innsendt:

Totalt estimert tal flytt med helikopter frå etablering, vedlikehald og fjerning av ein værstasjon og 10 skredtårn	
Antall flytt med helikopter for bygging av 10 fundament med 2 arbeidslag	51
Oversikt over tal flytt med helikopter for tårnmontering	30
Totalt estimat over tal flytt med helikopter for oppflyging nedflyging av magasin (20 pr år)	100
Oversikt over flytt med mannskap gjennomføring av oppsetjing av skredtårn og værstasjon	70
Vedlikehald - estimat 6 landing pr år (3 dagar - inn/ut)	30
Nedtaking av 10 skredtårn	83,3
Montering og demontering av 1 værstasjon	12
Total	376,3

Søkjar har bestilt Norconsult til å kartlegge påverknad på natur, og dei skriv:

«Vegetasjonen i området går fra fattige heiområder oppe i fjellet, via glattskurte bratte berg og ned noen vesentlig frodigere enger i foten av fjellveggene. I foten av fjellveggene og nedover i rasrenner og vifter finnes et spesielt habitat som er antatt å være leveområde for den sjeldne arten mnemosynesommerfugl (NT). Denne arten er kjent fra Luster kommune fra tidligere og flyr primært i bratte, sørvendte rasmarker. Det finnes ingen funn av arten i tiltaksområdet, men videre nedover i Fortunsdalen er arten funnet i flere sørvendte lisider. Av føre-var-hensyn legges det likevel til grunn at arten kan finnes i tiltaksområdet.

Etablering av værstasjonen og ni skredtårn ved henholdsvis Fossabakkane og Øyaskredene vurderes å medføre et tilnærmet ubetydelig arealbeslag i det storskala naturlandskapet i Fortunsdalen og vil trolig ikke medføre noen vesentlig forringelse av verken lokale, regionale eller nasjonale forekomster av truede vegetasjonstyper.

Anleggsperioden er estimert å ha en varighet på 5 år. I denne perioden antas det at skredkontrollen medfører mer hyppige snøskred, men med mindre volum og kraft i enn i en naturgitt situasjon. Denne reduserte skredaktivitet kan medføre begynnende gjengroing av de spesielle rasviftene i området. For mnemosynesommerfuglen er det de åpne blomsterrike rasviftene som er primærhabitatet. Tiltaket vurderes likevel ikke til å kunne medføre vesentlige endringer i vegetasjonen som kan gå ut over sommerfuglen og dens beiteplanter. Dette fordi tiltaksperioden er kort, klimaet er tøft og høyden over havet er så vidt stor at vegetasjonsutvikling normalt går svært sakte. En usikkerhet i denne vurderingen er antagelsene om at snømengdene trolig vil reduseres i Luster kommune i årene som kommer grunnet klimaendringer.»

Når det gjeld friluftsliv skriv søkjar at det ikkje er registrert turstiar, og at ein sjølv antek at installasjonane derfor i svært liten grad påverkar fotturistar og friluftsliv i dei områda. Før utløyning av skred vil områda stengast og sikrast slik at tredjeperson ikkje vert påverka av tiltaket. Varslingsrutinar vil utarbeidast der det er behov.

Vidare skriv søkjar at ved ein vinteropen veg vil vegen kun vera open for anleggstrafikk, og det blir ikkje tilgjengeleg for tredjeperson (vinterstid). Dette er på bakgrunn av restrisiko knyta til HMS. Vegen kan likevel vera open ved spesielle hendingar som t.d. redningsaksjonar eller opning av Nørdstedsseter i påsken, Ein antek at det kan medføre reduksjon av behovet for øvre motorferdsel inn i nasjonalparken. Det vil verta tydeleg skilting ved Øyabotn.

Avbøtande tiltak

For å ta omsyn til dei mest sårbare periodane for dyrelivet slik som hekke- og kalvingssesong ynskjer søkjar å setja opp og vedlikehalda skredtårna om sommar/haust. Ved montering og vedlikehald skal det same prinsippet som for bygging av Illvatn gjelde, dvs. ved synleg observasjon av villrein, eller 1 km frå helikopter, skal arbeid stoppast og Hydro kontaktast. Hydro vil så konferere med Luster Austre Fjellstyre om vidare anbefaling før arbeidet evt. avsluttast eller fortset.

Installasjonane skal fjernast etter avslutta anleggstid og kuttast av på bakkenivå. Områda skal tilbakestillast til å etterlikna opprinnleg tilstand, og revegeterast dersom naudsynt.

Prosjektet arbeidar generelt med å redusera deira påverknad på natur og reduksjon av helikopterløft. Eit av tiltaka Hydro Energi er å bruka beltekøyretøy vinterstid på strekninga Fivlemyr-Illvatn for å frakta opp utstyr. Dette vil igjen redusera behovet for helikopter i området.

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev datert 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark til Breheimen nasjonalparkstyre i medhald av § 62 i naturmangfaldlova.

Verneformål – forskrift

Føremålet med Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit stort, samanhengande og villmarksprega naturområde som inneheld særegne, representative økosystem og landskap som er utan tyngre inngrep. Vidare skal ein ta vare på eit høg fjellsøkosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald, leveområde til villreinstammen i Reinheimen-Breheimen villreinområde, vassdragsnaturen, variasjonsrikdom i geologi med særprega geologiske førekomstar, vegetasjon og landskap, grottene og kulturminne. Ålmenta skal ha

høve til uforstyrta oppleving av naturen gjennom utøving av naturvenleg og enkelt friluftsliv med lita grad av teknisk tilrettelegging.

I verneforskrift § 3 punkt 1.1 står det:

«Vern mot inngrep i landskapet

Med dei unntaka som følgjer av forskrifta pkt. 1.2 og 1.3 er det forbod mot inngrep av alle slag, mellom anna oppføring av varige eller mellombelse bygningar, anlegg og innretingar, parkering av campingvogner, motorkøyretøy og maskiner, etablering av oppdrettsanlegg, opplag av båtar, gjerde og anlegg, vegbygging, bergverksdrift, vassdragsregulering, graving, utfylling og lagring av masse, sprenging og boring, bryting av stein, mineral og fossil og fjerning av større stein og blokker, fjerning og øydelegging av biologisk og geologisk materiale i grotter, drenering og anna form for tørrlegging, rissing og måling, festing av boltar, nydyrking, bakkeplanering, framføring av luft- og jordleidningar, bygging av bruer og klopper, oppsetting av skilt, opparbeiding og merking av stiar, løyper o.l. Opplistinga er ikkje uttømmende»

I punkt 6.1) står det:

Motorferdsel til lands, på vatn og i lufta under 300 meter frå bakken er forbode.

Forvaltningsplan

Under kapittel 5.3.1 Generelle dispensasjonsreglar står det:

«Den generelle dispensasjonsregelen skal vere ein sikkerheitsventil for uføresette tilfelle eller spesielle/særlege tilfelle som ein ikkje visste om/hadde kunnskap om på vernetidspunktet. Det er vesentleg at ein dispensasjon ikkje vert brukt til å uthole vernet. Han skal i første rekke kunne nyttast på søknader som gjeld bagatellmessige inngrep eller forbigåande forstyrringar.

Den generelle dispensasjonsregelen går fram av verneforskrifta § 4:

§ 4 Generelle dispensasjonsreglar

Nasjonalparkstyret kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsynet til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48. Det er to vilkår for dispensasjon etter denne regelen og begge vilkåra må vere oppfylt for at dispensasjon kan gjevast:

- *Tiltaket kan ikkje påverke verneverdiane nemneverdig, og*
- *Tiltaket må ikkje stride mot føremålet med vernevedtaket»*

Rundskrivet frå Miljødirektoratet «Forvaltning av verneforskrifter» (revidert utgåve frå januar 2014) gjev retningslinjer

for korleis dei generelle dispensasjonsreglane skal nyttast. Rundskrivet gjev m.a. følgjande føringar:

■ **Krav til at tiltaket «ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket».** *Kva som er i strid med verneføremålet vil variere med formuleringa av verneføremålet i den einskilde verneforskrifta. Det må dessutan sjåast i samanheng*

med omfanget, arten og plasseringa av tiltaket opp mot verneføremålet. Tiltak og bruk som føreset større tekniske

inngrep vil det som regel ikkje vere mogleg å gje løyve til i verneområda.

■ **Eit vilkår at tiltaket «ikkje påverkar verneverdiane nemneverdig».** Ordet «nemneverdig» inneber at det skal vere

ein ganske snever inngang til å gje løyve, og at det berre skal skje i dei tilfelle tiltaket vil ha avgrensa verknad for verneverdiane. Siktemålet med denne presiseringa er å sikre at vernevedtaket ikkje vert uthola gjennom omfattande løyve. Regelen gjev òg ein klar peikepinn på at omsynet til verneverdiane skal vere overordna for eksempel næringsinteresser.

■ **Begge krav må vere oppfylte for at ein skal kunne gje løyve!** Det føl likevel ikkje av dette at ein nødvendigvis skal gje løyve dersom krava er oppfylte. Ingen har krav på løyve, og andre vurderingsmoment kan kome inn. Vurderinga er basert på skjønn til forvaltingsstyresmakta innanfor ramma av alminnelege forvaltingsrettslege reglar og retningslinjer og instruksar frå overordna styremakt. Mellom anna vil omfanget, miljøverknaden og kor naudsynt tiltaket er vektleggast. Også omsyn som positivt talar for tiltaket ein søker om, og om tiltaket vil stride mot verneverdiane om tilsvarande løyve vert gjeve i framtida, inngår i vurderinga.

■ **Dispensasjonsregelen kan ikkje nyttast for å utvide den ramma som er trekt opp i vernevedtaket.** Forvaltingsstyresmakta må vurdere om eit løyve vil kunne gje auka framtidig press for liknande løyve. Dersom det er knytt usikkerheit til kva verknader eit tiltak kan ha for naturmiljøet bør føre-var-prinsippet tilleggast stor vekt. Rimeleg tvil om verknadene av eit føreslått tiltak eller naturinngrep bør t.d. føre til at ein søknad vert avslått eller at ei avgjerd vert utsett til spørsmålet er nærare avklart.

■ **Tiltak som er med på å fremje verneverdiane. Normalt vil det bli gjeve løyve i slike tilfelle.** Slik bruk kan vurderast som eit ledd i forvaltninga som vert utøvd for å ta vare på verneverdiane. Ofte vil det også vere uproblematisk å tillate bruk som er nøytral i høve til verneverdiane, dvs. som verken fremjar eller er i strid med desse.

■ **Tiltak av vesentleg samfunnsinteresser.** Stor lokal interesse eller regional tyding kan generelt ikkje vere tilstrekkeleg grunnlag for dispensasjon etter denne regelen. Regelen er ikkje meint for tiltak som berre har lokal tyding. Unntaksvis kan regelen likevel nyttast for forhold av regional tyding som for eksempel viktige kommunikasjonsanlegg som riksvegar, flyplassar, jernbaner osb. Ein føresetnad bør då vere at det ikkje finst alternative løysingar eller at alternative løysingar vert så mykje dyrare og / eller omfattande at det vil vere av «vesentleg samfunnsmessig tyding» at det vert gjeve dispensasjon.

Naturmangfaldlova

Omsynet til verneverdiane i området skal vurderast og er vurdert, særleg i forhold til landskap, dyreliv og friluftsliv, jf. verneforskrifta § 2 og naturmangfaldlova §§ 1 (formål), 4 og 5 (forvaltningsmål for naturtypar, økosystem og artar), samt § 7 (prinsipp for å ta offentleg avgjerd), jf. §§ 8-12 (kunnskapsgrunnlaget og miljørettslege prinsipp).


Presedens

Presedens I einskildsaker, som gjeld tiltak, skal ein vurdere verknaden av presedens ved at andre kan få dispensasjon til liknande tiltak. Presedensvurdering bør vera så konkret som mogleg, jf. Retningslinjer for vurdering av presedens i byggesaker etter naturmangfaldslova § 48, gjeve av KLD, ved brev til Miljødirektoratet 02.03.2015

Uttalar henta frå tidlegare søknad om helikopter for å vurdere skredforholda vinteren 2024-25:

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen

Villreinnemnda for Reinheimen-Breheimen har kome med uttale om uttale på at landingsområda ligg i nærleiken av trekkområde for villrein (utvekslingsområde mellom Breheimen og Vest-Jotunheimen, jf. Kartutsnitt frå naturbase):.



Figur 1: Skravert område syner trekkområde for villrein.

Trekk sørvestover på våren er kanskje den mest sårbare perioden for villrein i dette området. Frå slutten av mars startar bukkane trekket frå vinterbeiteområda og mot sommarbeiteområda i sørvest (trekk frå Skjåk og inn i Luster). Det er derfor viktig å ta omsyn til villrein i denne perioden.

Innføre varslingsrutiner om villrein i tiltaksområdet. Gjerne til Luster Austre Fjellstyre v/Inger Moe i dette tilfellet.

Avbøtande tiltak; Utsette landing til villrein har trekt vekk om det blir oppdaga villrein i nærleiken av landingsområde (i synsavstand/1 km).

I tillegg har sekretær for villreinnemnda lagt fram villreininteressenes syn i saka på eit informasjonsmøtet med Breheimen nasjonalparkstyre og Hydro Energi 28 oktober. Kort oppsummert var tilbagemeldingane at utbygging av Illvatn kraftstasjon vil påverke villreintrekk aust – vest negativt. Tiltak for å korte ned anleggstida er kjærkomne, og spesielt tiltak som kan redusere påverknaden ved Illvatn på vår og forsommar då det har blitt gjort observasjonar av villrein ved Illvatn. Skredtårna og utløyning av skred vil påverka villrein i liten grad. Viktig at installasjonane er midlertidige, og at anleggsvegen vert stengt for ålmenta slik at ein ikkje generera meir bruk av fjellområda i indre delar av villreinområdet. Med tanke på støy så er det eit godt tiltak å få helikoptertrafikken ned på anleggsvegen, og dermed minimera påverknaden inn i villreinområdet.

Luster austre fjellstyre

Fjellstyret hadde søknaden om motorferdsel opp til handsaming på møte 18. februar. Fjellstyret oppfattar situasjonen slik at anleggsarbeidet kjem til å medføra at området i praksis vert utilgjengeleg for villrein. Ikkje berre motorferdsla, men også støy frå anleggsarbeidet og lukta/synet av menneske i området vil tvinga reinen til å halda seg på lang avstand. Ein trur ikkje det råd å hindra dette så lenge konsesjonen er eit faktum. Fjellstyret gjorde følgjande vedtak:

Luster Austre Fjellstyre godkjenner Hydro sine planar om motorferdsel i samband med utbygging av Illvatn kraftverk. Godkjenninga gjeld:

1. *Landing med helikopter ved tverrslag Nørdstedalen og ved Illvatnet i samsvar med konsesjon frå Luftfartsverket.*
2. *Landing med helikopter i samband med handtering av skredfare slik det er beskrive i søknad og kart. Gjeld berre våren 2025.*
3. *Bruk av snøscooter på strekninga mellom Fivlemyrane og Illvatnet som beskrive i brev av 06.02.2025.*

Vilkår:

- *Ved observasjon av villrein skal fjelloppsynet varslast snarast råd til Inger Moe tlf 91713559.*
- *Det skal ikkje brukast plast til stikking av løype.*

Uttale om hekkelokalitet for kongeørn ved spørsmål om helikopterbruk vinteren/våren 2024/25

Kistefos AS v/Geir Høitomt har gjennomført rovfuglkartlegging i området og kom med desse tilbakemeldingane når forvaltar bad om uttale:

- Dette er ein relativ sikker hekkeplass for kongeørn, men det byrjar å verta nokre år sidan. Ei oppdatering av status nå i forkant hadde sjølvstgt vore svært nyttig.
- Tidspunktet for aktiviteten er ugunstig, siden mye av aktiviteten trolig vil foregå i den mest sårbare etableringsfasen på våren. Det vil overraske Høitomt om det gjennomføres vellykket hekking av kongeørn på denne lokaliteten med disse planlagte tiltakene.
- Virker jo som dette kan være vanskelig sak å «forhindre», så kanskje fokus må legges på erfaringsinnhenting og om mulige justere gjennomføringen basert på første årets resultat?
- Hvis aktiviteten skal foregå over flere år tenker jeg at dere bør prioritere å dokumentere hva som skjer i første året, og om mulig trekke lærdom av disse erfaringene.

Vurdering

Det går fram av NOU 2004:28 *Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfald* og Ot.prp. nr 52: *Lom om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven)* at rådgivningsreguleringa er generelt sterkast der kor verneformålet er å ta vare på sårbar, villmarksprega eller urørt natur, og formålet er å bidra til å sikre at det biologiske, geologiske og/eller landskapsmessige mangfaldet vert i vareteke på sikt. Nasjonalpark er ei streng verneform, og formålet med å opprette nasjonalparker er å sikra større økosystem som er utan tyngre tekniske inngrep. I forarbeida til naturmangfaldslova står det at terskelen for å kunne gjere inngrep i verneområda skal vera høg. Områdevern gjer ein sterk beskyttelse av verneområdet, og inngrep som skadar eller forringar verneverdiane, skal så langt som mogleg unngås eller begrensa.

Verneforskrifta regulerer den fysiske råderetten til brukarane av verneområdet. I kongeleg resolusjon for Breheimen nasjonalpark gav Norsk Hydro uttale om at ein måtte ta omsyn til konsesjonssøkte utbyggingsplanar som dei hadde på dette tidspunktet. Det var då søkt om konsesjon på Illvatn og Øyane kraftverk. Illvatn er allereie utbygd med terskel og tunell. Dersom ein hadde forventa at anleggsvegen mellom Øyane og Fivlemyr, med tiltak innanfor nasjonalparken, måtte haldast heilårsopen så er det naturleg at det vart omtala i kongeleg resolusjon. Det at Noregs vassdrag og energidirektorat har gjeve konsesjon til utbygginga av eigen kraftstasjon bidreg til at ein vurderer utbygging av Illvatn som meir enn ei fornying enn ei oppgradering av eksisterande kraftanlegg. Forvaltar vurderer derfor til at Breheimen nasjonalparkstyre ikkje har moglegheit til å vurderer søknaden etter verneforskrifta. Dersom nasjonalparkstyret skal vurderer tiltaket så skal ein vurderer den etter naturmangfaldslova § 48.

Naturmangfaldslova § 48 inneheld tre alternativ for dispensasjon frå vernevedtak. Bestemmelsen opnar for å gje dispensasjon dersom det ikkje er strid mot vernevedtakets formål og ikkje kan påverka verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikkerheitsomsyn eller omsynet til vesentleg samfunnsinteresser gjer det naudsynt (forvaltars understreking). Bestemmelsen skal vera ein sikkerheitsventil for tiltak som ikkje kan forutsjåast på vernetidspunktet. Ein skal vurderer kva alternativ ein skal nytta ved bruk av § 48.

Naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd fyrste alternativ; «ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig» (Forvaltars understreking). Begge vilkår må vera oppfylt før ein kan vurderer om ein kan gje dispensasjon.

Dispensasjonsregelen i § 48 kan ikkje brukast for å utvide rammene for vernevedtaket, men skal fange opp uføresette eller spesielle tilfelle som ikkje var vurdert på vernetidspunktet.

Områda som skredtårna skal setjast opp er bart fjell og eller høg fjell med låg vegetasjon. Tidsperiode er frå sommar/haust 2026 til og med hausten 2031. Eit av verneformåla i Breheimen nasjonalpark er å ta vare på eit økosystem med eit eigenarta og variert biologisk mangfald. Tiltaka som er søkt om er inntil ni skredtårn som skal stå i eit særprega høg fjellsøkosystem som har ein eigenart med viddelandskap og bratte fjellsider som stupar ned i Fortunsdalen. Arealmessig er det eit mindre areal som er direkte påverka av sjølv skredtårna, men eit betydeleg større areal som vert påverka under byggeperioden. Skredtårnas funksjon er eit anna element som skal takast med i vurderinga.

Skredtårna skal løyse ut skred dersom det vert vurdert at det ikkje er sikkert nok til å bruke anleggsvegen mellom Øyane og Fivlemyr i forbindelse med utbygginga av Illvatn kraftstasjon. Mengde utløyseringar er usikkert, men kvart skredtårn skal ladast med 12 til 24 ladingar med sprengstoff til utløysering av skred.

Søklar har innhenta kunnskap om naturtypar via Norconsult og dei skriv «*I de bratte skrentene nedenfor heia hvor tårnene skal monteres er vegetasjon i all hovedsak fraværende. Fjellet er bart og glattskurt, men med en del utspring, så her og der har det lagt seg opp løsmasser hvor vegetasjon har klart å etablere seg. Sige vann fra terrenget over bidrar med løste næringsstoffer så både i slike lommer, og særlig i foten av stupene, vokser*

det en langt mer frodig vegetasjon.» Områda kor skredmastene skal monterast framstår hovudsakleg som vegetasjonslause og tiltaket vil ikkje påføre direkte inngrep i rasmarkene under tiltakspunkta.

Installasjonanes omfang og art er å rekna som eit stort tiltak i målestokken til Breheimen nasjonalpark, og er ikkje å rekna som bagatellmessige. Tiltaket påverkar det storslagne landskapet i Breheimen, sjølv om tiltaket er midlertidig og avgrensa. Både installasjonane og utløyasing av skred vil påverka naturverdiane negativt. Skredtårnas arealbeslag overstig det areal som forvaltningsplan gjev retningsliner til å gje dispensasjon til ved bygging av små fiskebuer/sankebuer (12 m²) og andre mindre tilbygg (10 m²). Forvaltar har ikkje lagt opp til eit alternativ kor ein nyttar § 48 fyrste ledd fyrste alternativ då saka ikkje er i tråd med vilkåra som skal oppfylgjast. Skal ein likevel vurdere å nytta denne unntaksalternativet så må ein også ta med at ved ein evt. dispensasjon etter denne ordlyden opnar ein opp for eit stort tiltak, som igjen vil påverka vurderingar i andre saker etter same lovheimel.

Naturmangfaldslova § 48 fyrste ledd andre alternativ: «sikkerhetshensyn»

Med alternativet «sikkerhetsomsyn» siktar ein til blant anna sikkerheit for liv og helse. I dette tilfellet er det eit viktig aspekt å vurdere konkret om det er behov for spesielle tiltak av omsyn til sikkerheita for dei som brukar området under utbygginga av Illvatn kraftstasjon.

Sikkerheitstiltak som settast i verk for å redusere risiko eller å beskytta menneske, miljø, eigedom eller informasjon mot skade, ulykker eller trugslar. Ved bruken av sikkerhetsomsyn vil ein kunne ha grunnlag for dispensasjon sjølv om det er i strid med verneformålet og påverkar verneverdiane jf Ot.prp. 52 s 424, NOU: 2008 s. 619, og rettleiar «*Rundskriv om forvaltning av verneforskrifter*» s. 13.

Under bygging av Illvatn kraftstasjon vil det vera stort behov for transport mellom Øyane og Fivlemyr og Illvatn. Anleggsvegen som går opp i Fortunsdalen vil i utgangspunktet vera stengt vinterhalvåret grunna skredfare og påfølgjande HMS risiko. Ved vinteropen veg vil det oppnåast større sikkerheit og tryggleik rundt t.d. opphald langs veg og evakuering ved eventuelle alvorlege HMS hendingar. Skredtårn og moglegheita til å løyse ut skred er viktige og sentrale risikoreduserande tiltak for prosjektet. Desse tiltaka gjev betre kontroll og oversikt over forholda og gjer det mogleg å både redusere og handtera omsynet til HMS og framdriftsriskoar i prosjektet på ein meir effektiv og trygg måte. I tillegg skriv søkjar at tilgangen på sprøytebetong vinterstid vil redusere HMS risiko knytt til boltar i tunnel då risikoen for sprekkutvikling reduserast. På den andre sida så har Hydro Energi avgjort å gjennomføra utbygginga 14. November 2025 utan å vera sikre på om dei får dispensasjon til å setje opp og drifte snøskredtårna.

I tillegg til sikkerhetsomsynet så skal ein vurdere om tiltaket er naudsynt. I

«nødvendighetskriteriet» ligg det at sikkerhetsomsyna må vera av kvalifisert art, og at det ikkje er praktisk mogleg å ivareta dei ved tiltak utanfor verneområdet eller ved å tillate eller mindre inngripande tiltak innanfor verneområdet. Det er fleire alternativ til etablering av skredtårn. Desse alternativa er bruk av helikopter til all transport, bruk av helikopter til snøvurdering og vurdering om når ein kan opne anleggsvegen og/eller transport på helikopter, og eit tredje alternativ er å løyse ut skred med helikopter for å opne anleggsvegen og/eller transport med helikopter.

Ved bruk av helikopter til all transport er det ein usikkerheit med vær og klimatiske forhold. Søkjar viser prognosar på at det fleire dagar kvar månad ikkje vil vera flyvêr. Dette vil påverka HMS og sikkerheita til arbeidarane knytt til utbygginga av Illvatn kraftstasjon. Arbeidet med utbygginga og påverknaden på naturen i nærområdet vil føregå over ein lengre periode og i eit ugunstig tidsrom for fugle- og dyrelivet i Breheimen nasjonalpark. Ved å bruke helikopter så vil anleggsperioden vera omlag 5 månadar lengre enn ved å tillate ei etablering av skredtårn. Ved å bruke skredtårn og utløyasing av skred vil ein redusere helikopterbruken med opp til 100 flyturar i månaden, noko som tilsvara ein reduksjon på 2000 turar i prosjektperioden.

Ved å bruke helikopter som hovedtransportmetode, men også ha moglegheita til å vurdere snøforhold slik at ein kan gje ein prognose til når det er sikkert nok til å bruke anleggsvegen vil inneha eit stort usikkerheitsmoment ved at ein likevel er avhengig av helikopter og flyvêr, og det ikkje er sikker på om ein likevel kan nytte seg av anleggsvegen. Eit tredje alternativ er å bruke helikopter til å løyse ut skred. Det er også knytt stor usikkerheit til både helikopter og presisjon ved treffpunkt på detoneringsfor utløyseing av skred. Alle dei alternative moglegheitene inneber bruken av helikopter og har ein usikkerheit og ein risiko ved gjennomføringsevne, og stor usikkerheit for brukarane av anleggsvegen. Det vert truleg ein større påverknad på eit større område og ved fleire meir sårbare tider (vinter/vår) enn ved skredtårn og utløyseing av snøskred.

Hydro Energi har engasjert Wyssen AS til å koma med sine anbefalingar på kva anlegg som trengs for å ha tilstrekkeleg grunnlag for å halda anleggsvegen open og sikkerhetsrisikoen ved bruken av vegen så låg som råd med det restriksjonsnivået som er innanfor Breheimen nasjonalpark. Det er meldt inn eit behov for totalt ni skredtårn innanfor nasjonalparken, og forvaltar har ikkje kunnskap om emnet til å overprøve deira vurdering.

For at skredvarslingstenesta skal ha tilstrekkeleg datagrunnlag for å vurdere situasjonen må det etablerast vêrstasjonar, snøhøgdemålerar og styrbare kamera. Eit system for automatisk deteksjon av snøskred vil også kunne redusere usikkerheita i varslingsa. Vêrstasjon har alt Hydro Energi fått tillating til oppføring, vedlikehald og demontering i styremøte i Breheimen nasjonalpark 5 november 2025. Wyssen AS har kome med ei anbefaling for å sikra høgast mogleg oppetid på vegen og samtidig redusere usikkerheita i åpnevurderingar i størst mogleg grad. Skredtårna vil dekke hele arealet i utløyseingsområder kor skred har potensiale til å treffe veg. Tal skredtårn og plassering av desse vil gjera til at skredkontroll redusera gjenverande ustabil snø i utløyseingsområda til eit minimum.

«Konsekvensen av et redusert antall systemer vil være at det etter skredkontroll er større usikkerhet for skredvarslingstjenesten. Et eksempel er om det ved skredkontroll løsner mange skred som treffer vei, men det ikke løses ut skred der det ikke står tårn. Hvis været den påfølgende tiden fortsetter å belaste eller svekke snødekket, vet vi derfor at skred fra usikrede områder har potensiale til å treffe veien, og vi kan bli nødt til å holde veien stengt selv om skredkontroll har blitt gjennomført.»

Å ta vare på leveområdet til villreinstamma i Reinheimen-Breheimen villreinområde er ein del av verneformålet og nasjonalparkstyret har eit utvida mandat i forhold til andre artar som går innunder den generelle dyrelivsfredninga i verneforskrifta. Tiltaket er omfattande og tiltaket kan truleg føra til at villrein skyr området dersom dei oppheld seg i påverknadsområdet midlertidig, men i fylgje villreinnemnda så er det mindre sannsyn for at villrein oppheld seg i området i nærleiken av skredtårna, enn inne ved Illvatn.

Nasjonalparkstyret har tidlegare sendt høyringsinnspel til NVE om redsla for påverknad på villrein i samband med utbygginga av Illvatn. I desse prosessane har det kome fram at tiltak for å korte ned anleggstida ved Illvatn er ynskjeleg. Illvatn ligg i indre delar av villreinområdet og det er sporadiske observasjonar av dyr i området. Når ein påverkar ei trekkrute for villrein i den grad som ein gjer med utbygginga av Illvatn kraftstasjon så vert dei andre nærliggande trekkrutene endå viktigare, og dette gjer seg også gjeldande for funksjonsområdet mellom Reinheimen-Breheimen og Vest-Jotunheimen. Områda kor vêrstasjon og skredtårn skal setjast opp er i ytterkant av villreinområde og det har ikkje førekome observasjonar av villrein i områda i nyare tid. Ved å få transport frå helikopter over til anleggsveg vil det verta mindre støypåverknad inn i funksjonsområdet mellom villreinstammene Reinheimen-Breheimen og Vest-Jotunheimen.

Området Øyaskredene ligg delvis innanfor eit område som har stor sannsynlegheit for raudlista insekt og edderkoppdyr, samt trua lavartar, mose og sopp. Området Fossabakkane ligg innanfor stor sannsynlegheita for å finna raudlista soppar, og innanfor hekkelokalitet for kongeørn. Det kjem fram av verneforskrifta § 3 pkt. 3.1. at det er en generell dyrelivsfredning i nasjonalparken. Kongeørn er dermed vernet på same måte som alt annet dyreliv i

nasjonalparken og er som utgangspunkt totalfreda, med nokre unntak (jakt, fiske og fangst og skadefelling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk). Kongeørn er i dag (26.09.25) kategorisert som livskraftig bestand og bestanden er ikkje trua på nasjonalt nivå. Høitomt vurderte sårbarheita for hekkelokaliteten ut frå at all transport ved utbygging skal førekoma med helikopter. Høitomt har ikkje fått denne saka til uttale, men dersom det i praksis betyr minimalt med helikoptertransport på vinterstid så er det ein fordel for kongeørn lokaliteten. Høitomt viser likevel til at ein ved kunnskapsinnhenting kan bidra med kunnskap om hekkelokaliteten og dens påverknad over tid i området. Forvaltar ser at kunnskapsinnhenting om påverknad på kongeørn dette året kan bidra med kunnskap om hekkelokaliteten og påverknad den planlagde motorferdsla over tid i området.

Vidare har Norconsult vurdert potensialet for at det er ein potensiell negativ påverknad på habitat for Mnemosynesommarfugl (NT). Norconsult konkludera likevel med at påverknaden er midlertidig då tiltaka skal vera midlertidige. Eit anna aspekt som Norconsult visert til er at på bakgrunn av klimaendringar vil det auka sannsyn for mindre snø, og dermed mindre skredpåverka areal som igjen påverka leveområdet for sommarfuglarten negativt. Innanfor området Øyaskredene er det påvist jerv (sterkt trua på raudlista). Det er ikkje registrert andre sårbare artar eller naturtypar i områda (Naturbase 05.03.2025).

Alle områda inngår i kartlegging som svært verdifullt friluftsområde, og er til dels lite brukt av ålmenta. Det er ingen merka DNT stiar i desse områda. Tiltaka vil ha ein negativ effekt på verneverdiane i området, spesielt sidan området er så urørt og lite påverka i dag. Samstundes så er fråvær av støy viktig for mange ved oppleving av natur, og at «stillheit» av mange vert trukke fram som ein viktig kvalitet ved dei store urørde verneområda. Det er viktig å sikra ei uforstyrra oppleving av naturen innanfor Breheimen nasjonalpark, og å få redusert helikoptertransport og støypåverknaden frå utsida og inn i nasjonalparken vil bidra til ei betre oppleving av naturen og friluftslivet.

Kunnskapen om området er vurdert som god for å vurdere denne saka jf. naturmangfaldslova. § 8. Tiltaka er tidsavgrensa og er å rekna som forbigåande, og midlertidig. Føre-var prinsippet, i naturmangfaldslova §9, er av den grunn ikkje anvendt i denne vurderinga.

Tiltak som påverka ein bestemd bestand, skal ikkje berre vurderast ut frå effekten på den bestanden, men også ut i frå korleis økosystemet som bestanden inngår i, vert påverka jf. § 10 om økosystemtilnærming og vurdering om samla belastning. For villrein i Reinheimen-Breheimen vil utbygging av Illvatn kraftstasjon ha ein negativ effekt, kor stor langvarig effekt er vanskeleg å seie noko om. Villrein vil truleg sky området rundt utbyggingsområdet, også det arealet som ligg innanfor nasjonalparken. NVE har uttalt at å halda anleggsperioden av sjølve utbygginga så kort som råd er eit viktig avbøtande tiltak for å halda den negative påverknaden på villrein så låg som råd.

I nasjonalparkar skal det ikkje skje varig påverknad av naturmiljø, med mindre dette er ei føresetnad for å ivareta verneformålet. Vurdering av samla belastning skal også ta med framtidig samla belastning for området. Verneverdiane innanfor Breheimen nasjonalpark vert påverka av utbygging av Illvatn kraftstasjon. Utbygginga mellom Fivlemyr og Illvatn vil påverka det visuelle bilete av høg fjellsnatur, leveområdet for villrein og oppleving av vassdragsnatur. Utbygginga vil påverka landskapsbilete i området mellom Øyane og Illvatn i stor grad under utbygginga, og tiltak for å dempa påverknaden i ulik grad er ynskjeleg. Oppsetting av skredtårn og utløyising av skred innanfor nasjonalparkens grense er eit tiltak som er negativt for verneverdiane i form av at det vil påverka landskapsbilete i dette området i stor grad, og kan påverka artar som t.d. mnemosynesommarfugl. Tiltaket vil medføra varige spor i terrenget bl.a. der tårna er installert, og stålstag etter installasjonane vert ståande att. Tiltaket er også av større karakter enn det som er vanleg innanfor verneform som nasjonalpark.

Tiltaket er derimot positivt med tanke på å få ned støyreininga inn i høg fjellsområda og villreinområdet i utbyggingsfasen. Ved å få transporten frå helikopter til anleggsveg så vil ein

påverke omgivnadane betydeleg mindre på ei tid på året kor mykje av fugle – og dyrelivet er ekstra sårbart. Tiltaket vil gjera til at støypåverknaden vert mindre for både verneverdiane, miljø og samfunn utanfor nasjonalparkens grenser. Tiltaket vil bidra til å korte ned anleggstida i prosjektet og spesielt påverknaden på verneverdiane ved Illvatn. Tiltaket er omfattande, men samtidig så er det eit avgrensa område som vert påverka i eit avgrensa tidsrom. Ut frå den samla belastninga så vurderer ein påverknaden på miljøet som mindre ved bruka av skredtårn enn ved bruk av helikopter.

Presidenspåverknaden av tiltaket skal vurderast før nasjonalparkstyret vurderer ei avgjersle i saka. Presidensverknaden avhenge av om det er sannsyn for at andre vil søkja om dispensasjon til tilsvarande tiltak, og for det andre av konsekvensane for verneverdiane og verneformålet av at det er gjeve dispensasjon til tilsvarande tiltak.

Området kor oppsetting av skredtårn søkt om er nasjonalpark, og terskelen skal vera høgare i denne typen verneområde enn andre, t.d. landskapsvern. Tiltakets omfang er relativt stort i forhold til målestokken som Breheimen nasjonalpark har, då dette er eit område med lite påverknad. For Breheimen nasjonalpark er ein kjend med at tilsvarande problemstilling kan koma i framtida i same område, dersom Hydro Energi byggjer ut Øyane kraftverk. Det kan vera behov for tilsvarande snøvurderingar i høve ulike andre vegutbyggingar, men forvaltar er ikkje kjend med at bakgrunn i kraftutbygging på utsida av verneområde. Det kan hende at på sikt så er det ynskeleg med heilårsope anleggsveg mellom Øyane og Fivlemyr i etterkant av utbygginga av Illvatn kraftstasjon i ulike samanhengar, men då vil verknadane av den utvida bruken i tilknytning til Illvatn kraftverk verta lagt til grunn for ytterlegare vurderingar. Det er også eit ønske å minimere ferdsel i dette området av omsyn til villrein, noko som også er forankra i besøksstrategien for Breheimen nasjonalpark (vedtatt november 2023).

Søkjar har gjennomført fleire miljøforbetringar i høve tiltaka som er søkt som i forbindelse med utbygging av Illvatn kraftstasjon. Direkte knytt til skredtårna er blant anna at ein har redusert tal skredtårn, helikopterbruk og bruken av betong. Andre aspekt som søkjar ynskjer å redusere er påverknad frå helikopter mellom Fivlemyr og Illvatn ved bruk av andre framkomstmiddel enn helikopter, og dermed mindre/kortare støypåverknad inn i verneområdet ved utbyggingsområdet ved Illvatn. Søkjar har vurdert at miljøpåverknaden vert mindre ved bruk av anleggsveg til transport enn helikopter. Forvaltar vurderer at vilkåra i paragraf 12 i naturmangfaldslova miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar er ivareteke.

Søkjar har vedteke gjennomføring av utbygginga av Illvatn kraftstasjon innan tidsrommet 2026-2031 i november 2025 utan sikringstiltak innanfor nasjonalparken. Utbygginga er planlagd med bruk av helikopter. Bruken av helikopter har fleire usikkerheitsmoment, blant anna været. Det at prosjektet er planlagd ved bruk av helikopter, godkjent og vedteke frå leiinga i Hydro Energi tydar på at ved å bruke helikopter til all transport er ein god nok måte for å oppretthalda sikkerheita til både ansatte og prosjektet. Bruken av helikopter vinterstid vil forlenge anleggsperioden, men innanfor tidsråma som ein har prosjektert med.

Forvaltar har lagt opp til to alternativ i saka. Det eine alternativet er ein dispensasjon, medan det andre er eit avslag. Bakgrunn for todelinga er at tiltaket vil samla sett vera positivt for totalbelastninga for området og verneverdiane, medan ein er usikker på om ein er innanfor «nødvendighetskriteriet» i sikkerheitsaspektet når ein har alternativ transport som søkjar har lagt opp til å bruka for å gjennomføra prosjektet.



Arkivsaksnummer: 2025/13139-1

Saksbehandlar: Aina-Elise Bolstad Stokkenes

Dato: 28.11.2025

Utval	Utvalssak	Møtedato
Breheimen nasjonalparkstyre	43/25	05.12.2025

Breheimen nasjonalparkstyre - midlar til tiltak og forvaltning av verneområder - SNO-ressursar - 2026

Innstilling frå forvaltar

1. Breheimen nasjonalparkstyre sluttar seg til at det blir søkt om tiltaksmidlar for 2026 via Miljødirektoratets elektronisk søknadssenter (ESS) i tråd med tiltaksplanen i saka. Endeleg prioritering av tiltak blir gjort i bestillingsmøte 2 i februar/mars 2026, etter tildeling av midlar frå Miljødirektoratet. Sekretariatet får fullmakt til å gjera mindre endringar på tiltaksplanen dersom dette viser seg naudsynt fram mot innmeldingsfristen den 9. januar 2026. Sekretariatet orienterar styreleiar om eventuelle endringar i tiltaksplanen fram mot innmeldingsfristen.
2. Breheimen nasjonalparkstyre godkjenner forslaget til budsjett for året 2026. Budsjettet blir lagt inn i elektronisk søknadssenter (ESS) innan fristen den 9. januar 2026. Sekretariatet får fullmakt til å gjera mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen. Sekretariatet orienterar styreleiar om eventuelle endringar i budsjettet fram mot innmeldingsfristen.
3. Breheimen nasjonalparkstyre tek skjema om SNO-ressurs til orientering. Nasjonalparkstyret vil påpeike at det er viktig at verneområda i Breheimen får tildelt ressursar til oppsyn på linje med tidlegare år.

--- slutt på innstilling ---

Dokument i saka

- Brev datert 27.10.2025 frå Miljødirektoratet – Føringer for forvalningsmyndighetene for verneområder – tiltaksmidler, restaureringsmidler og SNO-ressurser for 2026
 - Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2026-2030
 - Skjema for SNO ressursar i 2026

- Oppdatert tiltaksliste frå besøksstrategien

Saksopplysningar

Midlar til tiltak i verneområde

Tiltaksplanen skal evaluerast kvart år og dette framlegget til tiltaksplan er forankra i Forvaltingsplan for verneområda i Breheimen, Skjøtselsplan for Høydalen landskapsvernområde, Skjøtselsplan for Vigdalen landskapsvernområde, Skjøtselsplan for Mysubytta landskapsvernområde, Skjøtselsplan for Mørkridsdalen landskapsvernområde og besøksstrategien for Breheimen.

Framlegget til tiltaksplan 2026 er m.a. basert på erfaringar sekretariatet har med gjennomførte tiltak i 2025. Dette er altså ei liste over tiltak som sekretariatet ynskjer skal verta utført i løpet av 2026. Under saksførebuinga har det vore god dialog mellom forvaltarane og lokalt SNO i Breheimen, med bl.a. møte på Teams den 11. november, og elles jamleg kontakt knytt til gjennomføring og planlegging av tiltak (sjå vedlegg).

Gjennom tiltaksplanen melder nasjonalparkstyret inn behov for midlar til gjennomføring av tiltak i verneområda i 2026. Frist for innmelding i elektronisk søknadssenter er 9. januar 2026. Midlar til tiltak i verneområda er statlege investeringsmidlar som vert løyvd over post 1420.31 for å betre naturtilstanden i verneområda. Det er per 28.11.2025 lagt opp til at ein søkjar om 1 710 000 kr til tiltak innanfor verneområda i Breheimen nasjonalpark.

I brevet frå Miljødirektoratet står det bl.a.:

Midlene til verneområder og nærområder til verneområdene går til skjøtsels- og tilretteleggingstiltak og andre tiltak som er nødvendige for å ta vare på verneverdiene, til informasjonstiltak og til utredninger som er nødvendige før tiltak. Skjøtselstiltak blir utført for å bedre naturtilstanden og for å sikre at viktige naturtyper og arter ikke går tapt. Tilretteleggingstiltak omfatter blant annet opparbeidelse av stier, klopping og merking for å bedre tilgjengeligheten i verneområdene og samtidig styre ferdselen i og rundt sårbar natur. Informasjonstiltak i alle typer av verneområder blir utarbeidet i tråd med merkevaren for Norges nasjonalparker. Alle tiltak i verneområder skal prioriteres i tråd med Miljødirektoratets Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder (2026–2030) og skal i utgangspunktet være forankret i godkjent forvaltningsplan, skjøtselsplan, besøksstrategi eller tilsvarende plan for arbeidet.

Posten for tiltaksmidler er en statlig investeringspost for forvaltningsmyndighetenes prioriterte tiltak i verneområder. Midlene skal derfor kun benyttes til tiltak i forvaltningsmyndighetens egen regi, ev. til kjøp av tjenester for gjennomføring av tiltakene. Midlene kan ikke benyttes som tilskudd til andre aktører. Drift og vedlikehold av infrastruktur (veier, toaletter, parkeringsplasser o.l.) utenfor verneområdene finansieres ikke over tiltaksmidlene.

For å kunne ivareta verneverdiene innenfor verneområder, vil det av og til være nødvendig å gjennomføre tiltak også utenfor verneområdene. Dette betinger samarbeid og avtale med grunneiere. Et eksempel på et slikt tiltak er når uttak av fremmede arter innenfor og utenfor vernegrensene må sees i sammenheng for at tiltaket skal få optimal effekt.

For å oppnå en god forvaltning av verneområder, kan det være nødvendig med generelle naturkartlegginger, sårbarhetsvurderinger, brukerundersøkelser, utarbeidelse av forvaltnings- og skjøtselsplaner, overvåking og utarbeidelse av nettsider o.a. Slike tiltak finansieres ikke over kap./post 1420.31, men kan omsøkes over andre budsjettposter.

Midlar til drift av nasjonalparkstyre og midlar til arbeid med forvaltningsplanar og skjøtselsplanar

Det kan søkast om midlar til drift av nasjonalpark- og verneområdestyra, og midlar til arbeid med forvaltningsplanar og skjøtselsplanar. Ved søknad om midlar til drift av nasjonalpark- og verneområdestyra må det setjast opp eit budsjett som viser forventa utgifter til reise- og møtegodtgjering for styremedlemmane, samt evt. reiseutgifter for medlemmar av rådgjevande utval.

Ved søknad om midlar til dekking av utgifter i forbindelse med utarbeiding av forvaltningsplanar, besøksstrategiar og skjøtselsplanar kan det søkjast om midlar til utgifter som eks. naudsynte kartleggingar, møter og liknande.

Forslag til budsjett til drift av styret og midlar til arbeid med skjøtselsplanar for 2026 skal leggjast inn i elektronisk søknadssenter (ESS Miljødirektoratet) innan fristen den 9 januar 2026.

Heimelsgrunnlag

Delegering

Miljøverndepartementet har i brev av 1. februar 2011 delegert forvaltningsmynde for Breheimen nasjonalpark med tilhøyrande verneområde til Breheimen nasjonalparkstyre. Dette er gjort med medhald i naturmangfaldlova § 62.


Vurdering

Skjøtsel

Miljødirektoratet har gjeve føringar for prioritering av tiltak gjennom *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2026-2030*.

I strategien er det presisert at det overordna målet for forvalting av verneområda er at verneføremålet og verneverdiane i det enkelte verneområde skal ivaretakast. Strategien for å nå dette målet er å prioritere tiltak som retter seg mot ein betre tilstand i verneområda. Tiltaka skal redusera trusler mot verneverdiane, og både restaureringstiltak, skjøtselstiltak og informasjons- og tilretteleggingstiltak er naudsynt for å ivareta verneformålet.

I Mysubytta-, Høydalen-, Vigdalen- og Mørkridsdalen landskapsvernområde er mangel på skjøtsel av kulturlandskapet vore ein av dei største truslane mot verneverdiane. I Mørkridsdalen- og Vigdalen landskapsvernområde har det sidan 2011 og fram til i dag vore gjennomført ulike skjøtselstiltak. Det er svært viktig at skjøtsel av desse områda held fram og oppfølging av desse områda gjennom skjøtselsplan har høg prioritet. For Mysubytta- og Mørkridsdalen landskapsvernområde vart det utarbeidd skjøtselsplanar i 2016/2017, og skjøtselsplanane for Vigdalen- og Høydalen landskapsvernområde vart godkjent i 2021. Skjøtselsplan for Høyrokampen er under utarbeiding. I alle desse områda vil det vera behov for årleg skjøtsel for å ta vare på verneverdiane og verneføremåla.



Figur 1. Trusselfaktorer i verneområder pr 01.10.2025. Kilde: faktaark om verneområdet i Naturbase

I følgje *Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder 2026-2030* gjeld følgjande prioriteringar for prosjekt:

Prioritet 1: Tiltak som direkte bidrar til å motvirke trusler mot verneverdiene

Prioritet 2: Løpende skjøtselstiltak

Prioritet 3: Vedlikehold av eksisterande tilrettelegging

Prioritet 4: Besøksforvaltningstiltak i verneområder med høyt besøkstrykk

Prioritet 5: Besøksforvaltningstiltak i øvrige verneområder

Prioritet 6: Besøksforvaltningstiltak som ikkje er direkte knytt til trusselbilete (slik som fugletrån mm).

Tiltaka i landskapsvernområda er oppfølging av dei ulike skjøtelsplanane. I Mørkridsdalen er det fleire pågåande skjøtselstiltak som krev årleg oppfølging, til dømes slått av lauvenger og slåttemark, og styrte beiteprosjekt. Resultata av desse tiltaka viste også att ved utarbeidinga av skjøtelsplanen har mange område fått auka verdivurdering i forhold til då vernet kom i 2009. Det blir også gjennomført styrt beiteprosjekt i Vigdalen LVO, Høydalen LVO og Mysubytta LVO. Sidan mykje av verneverdiane i landskapsvernområda er knytt opp mot det å ha tilgang på beitedyr i landskapsvernområda, er det viktig at buforvegar blir helde i hevd. Difor er noko midlar knytt opp mot mindre utbetringar av desse.

Stølsområda og kulturlandskapet er viktige verneverdiar. Desse ønskjer me å ta vare på og framheva gjennom samarbeid med grunneigarar og brukarar. Gjennom slike samarbeid blir det rydda skog og problemvekstar. Siste åra har det blant anna vore rydda gran i Vigdalen og ein ser seg ferdig med det prosjektet. Det er viktig å følgje opp slik hogst med rydding og beite slik at ikkje uønskt vekstar som bringebær tek over areala på stølsvollen, og fjerna oppskudd av nye granplanter i landskapsvernområda generelt.

Noko av det mest særigne for Mørkridsdalen er den omfattande haustingsskogen, og i 2024 vart sjukdommen almesjuke oppdaga langs Sognefjorden. Dette er ein aggressiv sjukdom som kan påverka haustingsskogen sær negativt. Haustingsskogen er viktig både biologisk og kulturhistorisk, og forvaltinga reknar med at ein får meir kunnskap om sjukdomen, overvaking og tiltaksforslag i 2026.

Høydalen er ein del av det nasjonalt viktige kulturlandskapet i Bøverdalen. Det er ein gamal seterdal der det ikkje lenger er aktiv setring, men det blir sleppet omlag 60 kyr og 100 sauer på utmarksbeite. Desse går spreidd i Høydalen, gjerne med flest dyr i Søre og Nordre Høydalen. Utdringa er at mange av beitedyra trekk ut av landskapsvernområdet og opp i høgjellet. Difor er det viktig med både inngjerding og bruk av t.d. Nofence for å behalda beitedyr på prioriterte lokalitetar nede i dalen over ei lengre periode. Dette gjer at det framleis er opne naturbeitemarker i desse setergrendene, men attgroing med einer, vier og bjørk er eit problem i heile dalen. I alt vart det skild ut 4 viktige og lokalt viktige naturbeitemarker i dalen, og innan desse er det anbefalt fleire skjøtselstiltak for å ta vare på naturverdiane. I 2021 vart det starta opp med rydding av areal både på nordre- og søre Høydalen og tiltaket

vart vidareført i 2022-2025. Dette må fortsetje i åra framover også. Godt samarbeid med grunneigar og seterbrukarar er heilt avgjerande for at ein kan lykkast med dette arbeidet. I 2026 ynsker sekretariatet og SNO å bidra med ein rydde dugnad på eit areal som har stort restaureringspotensial i Høydalen.

Mysubytta er eit karakteristisk og representativt seterlandskap for nordlege delar av Gudbrandsdalen. Beitestrykket her er for lågt til at seterkveene, beitevollane og naturbeitemarkane kan oppretthaldast på lang sikt. Beiteområda oppover lia og i rasmarkane gror svært raskt att. Det er allereie gjort nokre tiltak for å rydde lauvoppslag omkring setrane, og ein del naturbeitemark er rydda for einer. I 2024 vart det gjennomført eit beiteporosjekt med geit som har gjeve godt resultat på naturverdiane, og beitebrukar ynskjer å fortsette dette prosjektet i 2026. Målsetjinga med restaurerings- og skjøtselstiltaka er å ta vare på eit heilskapleg seterlandskap med dei biologiske og kulturhistoriske verdiane som er karakteristiske for området. Meir spesifikt framover er målsetjinga å oppretthalde og helst auke beitebruken i tillegg til å fjerne einer og lauvtre.

Med bakgrunn i at skjøtelsplan for Høydalen er under utarbeiding så ynskjer ein å starte opp med litt skjøtelsarbeid innanfor Høyrokampen naturreservat i 2026. Det er mogleg ein kan få til eit nytt beiteprosjekt med geit på Søre Setera i Høydalen, men elles vert det lagt opp til vidareføring av skjøtelsprosjekta som er påbyrja med nokre mindre utvidingar. Det er nokre skjøtelsprosjekt på blant anna fjellstølane i Mørkridsdalen som ein kan vurdere om kan reduserast/avsluttast om fåe år, men det vil ein koma tilbake til. Sjå tiltaksplan for detaljert oversikt over dei enkelte tiltaka i vernområda.

Besøksstrategi og implementering av merkevara Norges nasjonalparker

Alle nasjonalparker skulle ha ferdig ein besøksstrategi innan år 2020, men langt frå alle nasjonalparkane er ferdige med dette arbeidet. Besøksstrategien til Breheimen vart vedtatt av nasjonalparkstyret 24.11.23.

Med bakgrunn i at besøksstrategien er godkjent, kan nasjonalparkstyret melde inn behov for midlar til å utarbeide nye informasjonsplakatar, temaplakatar, informasjonspunkt osv. Alle informasjonstiltak som vert sett i verk skal vere i tråd med merkevara Norges nasjonalparker. Det er lagt inn midlar til denne type tiltak i tiltaksplanen for 2026. Miljødirektoratet har utarbeida nytt kart for Breheimen NP, men prosessen har teke tid på grunn av stor arbeidsmengde hos dei som utfører arbeidet for direktoratet. Fleire plakatar er under produksjon og vert satt opp våren 2026.

I samband med merkevara «Norges nasjonalparker» vil nasjonalparkstyret få ansvar for to nettsider, ei som er retta mot dei besøkande (www.breheimennasjonalpark.no) og ei som er retta mot arbeidet som nasjonalparkstyret gjer (<http://nasjonalparkstyre.no/Breheimen/>). Det er kjøpt inn ulike domenenavn til den besøksretta nettsida. Det er også gjort eit val av leverandør av den tekniske utforminga og det er gjennomført eit oppstartmøte. Arbeidet med den besøksretta nettsida starta med eit møte med Trollbinde. Den besøksrett nettsida er påbegynt med tanke på å lage innhald, omsetje tekstar og skaffe bilete. Det er streng bruk av bilete i den nye merkevara, og det kan vere naudsynt å kjøpe nye bilete.

Midlar til drift av nasjonalparkstyre og midlar til arbeid med forvaltningsplanar og skjøtselsplanar

Det blir i 2026 teke høgde for at det blir gjennomført 4 fysiske styremøte, 2 teamsmøte og 2 e-postbehandlingar. I tillegg blir det teke høgde for at det blir gjennomført møte i rådgjevande utval, og arrangert styreleiarsamling kor også nestleiar har høve til å delta. Sekretariatet meiner at det kan gjennomførast forsvarleg drift av nasjonalparkstyret med dei estimerte kostnadane som er synleggjort i vedlegg til saka. Totalt vert det søkt om kr 299 092 kr for 2026.

I løpet av 2026 er det ynskjeleg å byrja med å oppdatera skjøtselsplan for Mørkridsdalen landskapsvernområde. Skjøtselsplan som ein har for Mørkridsdalen landskapsvernområde vart utarbeida i 2016/2017 og ein har kome i mål på veldig mange av punkta kor det er ynskjeleg med skjøtselstiltak. Basert på dette så er det ynskjeleg med ein oppdatert skjøtselsplan for Mørkridsdalen landskapsvernområde. Det vert søkt om totalt kr 306 600 kr i 2026. Prosjektet kan starta sjølv om ein får tildelt mindre midlar, men då betingar det at ein prioritera prosjektet påfylgjande år for å få det finansiert.

Totalt vert det søkt om kr 605 692 til drift av Breheimen nasjonalparkstyre og til å utarbeide skjøtselsplan for Mørkridsdalen landskapsvernområde i 2026.

SNO-ressurs Breheimen

Bestilling av tenester frå Statens naturoppsyn Breheimen blir lagt inn i eige skjema (sjå vedlegg). Denne bestillinga gjeld både kontroll, overvaking/registrering og utføring av skjøtsel og tilrettelegging. Oppsettet er gjort med bakgrunn i oppgåvene som er skissert i tiltaksplanen for 2026.

Forvaltningmyndighet	Breheimen nasjonalparkstyre					Fylles ut av SNO			
Verneområde/Tema	Prioritering	Beskrivelse av oppdrag og metode	Forankring i planverktøy	Rapportering (Verneområdelogg, Artsobs, Natstat).	Merknad	Ansvarlig i SNO	Tidsbruk (dagsverk)	Gjennomført ja/nei	Kommentarer
Verneområde/Tilrettelegging									
Breheimen NP	1	Sette opp skilt i Dumdalen i Breheimen NP.	Forvaltningsplan	Naturoppe- dr ag	Skifte ut dagens plakat + mogleg setje opp ekstra skilt	Jo Trygve Lyngve	3		
Breheimen NP, Mysubytta LVO, Høydalen LVO, Strynefjellet LVO, Høyrokampen NAT, Honnsrøve NAT	1	Sette opp nye informasjonsplakater og bidra ved oppsetjing av stativ etter ny merkevare.	Tiltaksplan	Naturoppe- dr ag	Bistå med å sette opp nye informasjonsplakater og nye informasjonapunkt etter ny merkevare.	Jo Trygve Lyngve	3		
Breheimen NP, Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO	1	Sette opp nye informasjonsplakater og bidra ved oppsetjing av stativ etter ny merkevare.	Tiltaksplan	Naturoppe- dr ag	Bistå med å sette opp nye informasjonsplakater og nye informasjonapunkt etter ny merkevare.	Liv Byrkjeland	3		
Breheimen NP	2	Fjerning av gammelt gjerde på Dyringshø.	Forvaltningsplan	Naturoppe- dr ag		Jo Trygve Lyngve	1		
Verneområde/Skjøtsel									
Mysubytta LVO, Høydalen LVO	1	Oppfølging av tiltak med bakgrunn i skjøtselsplan og tiltaksplanene.	Skjøtselsplan	Naturoppe- dr ag	Bistand og oppfølging av tiltak gjennom skjøtselsavtaler, rydding og hogst.	Jo Trygve Lyngve	4		
Høydalen LVO	1	Inngjerding av beiteareal på Nordre Høydalen.	Skjøtselsplan	Naturoppe- dr ag	Bistå med inngjerding av areal for å få opp beitetrykket og rydde naturbeitemark for ener m.m. Oppfølging av tiltak underveis.	Jo Trygve Lyngve	2		
Vigdalen LVO, Mørkridsdalen LVO	1	Oppfølging av tiltak med bakgrunn i skjøtselsplan og tiltaksplanene.	Skjøtselsplan	Naturoppe- dr ag	Bistand og oppfølging av tiltak gjennom skjøtselsavtaler, beiteprosjekt, rydding og hogst. + kartlegging almesjukje (2)	Liv Byrkjeland	10		
Mørkridsdalen LVO	1	Oppfølging av tiltak i lauveng og haustingsskog.		Naturoppe- dr ag	Følg opp rapport frå Steinar Vatne. Steinhaugen og Hallingabakkane.	Liv Byrkjeland	3		
Mørkridsdalen LVO		Slåttemyr		Naturoppe- dr ag		Liv Byrkjeland	4		
Mørkridsdalen LVO	2	Slått og rydding ved Mørkrid	Skjøtselsplan	Naturoppe- dr ag	Årleg slått av lauveng ved Mørkrid og fjerne tistel på Berget samt tiltak mot lauvoppslag. Slått på Steinhaugen.	Liv Byrkjeland	5		

Verneområde/Bevaringsmål - kartlegging - registreing								
Mysubytta LVO, Høydalen LVO	1	Overvaking og oppfølging av bevaringsmål.	Skjøtselsplan	Naturoppeidag		Jo Trygve og Liv	3	
Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO	1	Overvaking og oppfølging av bevaringsmål.	Skjøtselsplan	Naturoppeidag		Liv Byrkjeland	3	
Breheimen NP, Høydalen LVO og Mysubytta LVO	2	Registrering av teknisk installasjon.	Forvaltningsplan	Naturoppeidag	Mål på bygningar og registrering av andre installasjonar. Prioritere stølsområde med høg aktivitet. Ynska tenestekjøp i Mysubytta og Høydalen LVO.	Jo Trygve Lyngve	1	
Breheimen NP, Vigdalen LVO og Mørkridsdalen LVO	1	Overvaking og fjerning av framande artar, gran.	Skjøtselsplan	Naturoppeidag		Liv Byrkjeland	4	
Breheimen NP	1	Overvaking og fjerning av framande artar, gran.	Skjøtselsplan	Naturoppeidag	Tundradalen: Feltet er fjerna, men det er behov for å gå over og ta oppskot av Contorta	Jo Trygve Lyngve	1	
Breheimen NP	1	Settje ut og følgje opp ferdselsteljarar.	Forvaltningsplan	Naturoppeidag	Oppsett og nedattaking, inkl. oppfølging.	Liv Byrkjeland	2	
Breheimen NP	1	Settje ut og følgje opp ferdselsteljarar.	Forvaltningsplan	Naturoppeidag	Oppsett og nedattaking, inkl. oppfølging.	Jo Trygve Lyngve	4	
Verneområde/Tilsyn og kontroll								
Breheimen NP, Mysubytta LVO, Høydalen LVO, Strynefjellet LVO, Høyrokampen NAT, Honnsrøve NAT	1	Oppfølging av dispensasjonar, både styrevedtak og delegerte vedtak, inkludert kontroll av motorferdsel.	Forvaltningsplan	Naturoppeidag	Generell prioritering av kontrollverksemd. Kontroll/Godkjennin g av tiltak, inkludert kontroll av motorferdselløyve/k øyrebok når løyvet er gjeldande.	Jo Trygve	5	
Breheimen NP, Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO,	1	Oppfølging av dispensasjonar, både styrevedtak og delegerte vedtak, inkludert kontroll av motorferdsel.	Forvaltningsplan	Naturoppeidag	Generell prioritering av kontrollverksemd. Kontroll/Godkjennin g av tiltak, inkludert kontroll av motorferdselløyve/k øyrebok når løyvet er gjeldande.	Liv Byrkjeland	5	
Breheimen NP, Mørkridsdalen LVO, Vigdalen LVO,	1	Fonnefunn	Forvaltningsplan	Naturoppeidag	Sjå etter fonnefunn rundt Harbardsbreen	Liv Byrkjeland	3	

Estimat av drift Breheimen nasjonalparkstyre 2026.

(Satsene er fra 2025. Blir oppdatert når nye satser foreligger i januar 2026)

Estimert kostnad for ett fysisk styremøte for 6 styremedlemmer i 2026

	Snitt antall timer	Sats pr time	Pr. pers.	Gjeldende antall pers.	Totalt pr. møte.
Leie av møterom					1 500
Mat og drikke			300	10	3 000
Reiseregning			750	6	4 500
Møtegodtgjørelse	6	573	3 438	5	17 190
Møtegodtgjørelse selvstendig næringsdrivende	0	0	0	0	0
Refusjon tapte inntekter arbeidsgiver	0	0	0	0	0
Møtegodtgjørelse styreleder	6	758	4 548	1	4 548
Forberedelsestid alle	5	573	2 865	6	17 190
Kostnad pr fysisk styremøte:					47 928

Estimat av totalt antall møter og kostnad for drift av Breheimen nasjonalparkstyre 2026

Type møte	Antall møter	Varighet timer	Forberedelse timer	Ant. deltagere	Kostnad totalt
Styremøte	4	6	5	6	191 712
E-postbehandling	2	0	1	6	6 876
Teamsmøte	2	2	2	6	27 504
Overnatting befarings/møte x 2 pr. styremedlem a 2000,-					24 000
Styreledersamling Lillehammer 2026					12 000
Andre møter / uforutsette utgifter					10 000
Delsum kostnad styremøter:					272 092
Andre tillegg					
Rådgivende utvalg:					
18 personer x 1500,- i reise og mat.				18	27 000
Total reise- og møtegodtgjørelse Breheimen nasjonalparkstyre 2026:					<u>299 092</u>

TILTAKSPLAN				Sist endret: 28.11.2024									
										Bestillingsmøte 1			
Prioritet	Verneområdenavn + naturbase-id	Tiltakskategori	Kort beskrivelse av tiltak	Finansiering	Samarbeids-aktører	Hvem gjennomfører tiltaket?	Gjennomføringsperiode	Intervall (eventuelt)	Merknad / kommentar	Sekretariatet sitt framlegg til finansiering (kr)	NP-styret sitt vedtak desember 2025	Sekretariatet sitt framlegg til finansiering (kr)	NP-styret sin prioritering mars 2026
1	Mørkriddalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Slått på Knivabakkgjerdet	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar på Knivabakkgjerdet, nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigarar på Knivabakkgjerdet.	2010-	Årleg	Årleg skjøtselstiltak tilrådd i skjøtelsplanen. Slåtteeigen er totalt 26 daa. Avtale med grunneigar. 2500 kr pr dekar og 550 kr for person i arbeid	kr 59 500			
2	Mørkriddalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Hautbeite med sau på Knivabakkgjerdet og i Knivabakkli	Nasjonalparkstyret	Grunneigar og nasjonalparkstyret	Grunneigar på Knivabakkgjerdet og i Knivabakkli	2010-	Årleg	Årleg skjøtselstiltak tilrådd i skjøtelsplanen. Kr. 6000,- i grunntilskot + kr. 200 pr. dyr. To grunneigarar frå 2017. Begge har kring 100 vaksne dyr. Avtalar med Ørjan Ormberg og Tor Inge Midtun.	kr 55 200			
3	Mørkriddalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Slått på Dulsete	Nasjonalparkstyret	Grunneigar på Dulsete, Statens naturoppsyn og nasjonalparkstyret	Grunneigar på Dulsete	2010-	Årleg	Årleg skjøtselstiltak tilrådd i skjøtelsplanen. Vilkår om inngjerding og oppfølging av gjerde. Slåttegjerdet på Dulsete er 11 daa. Avtale med Johannes og Elin Hauge.	kr 37 700			
4	Mørkriddalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Hautbeite med sau i Grandali	Nasjonalparkstyret	Grunneigar, og nasjonalparkstyret	Grunneigar i Grandali.	2018-	Årleg	Årleg skjøtselstiltak som inngår i eit program. Rune Fuglesteg har kring 100 vaksne dyr. Det vert lagt til grunn eit grunntilskot på 6000 for kvar + 200 per vakse dyr som vert slept fram att på beite etter hovudsank og klypping.	kr 26 000			
5	Høydalen LVO-VV00002827	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av einer og annen vegetasjon ved Søre Høydalen.	Nasjonalparkstyret	Sekretariatet, SNO, Bruksrettskavarar, Lom fjellstyre	Sekretariatet, SNO, Bruksrettskavarar, Lom fjellstyre	2021 -	Årleg	Fjerne einer m.m. i tråd med skjøtelsplanen. Styrt beiting av rydda areal.	kr 100 000			
6	Høydalen LVO-VV00002827	Skjøtsel av vegetasjon	Inngjerding av areal for å få større beitetrykk på Nordre Høydalen. Rydding av einer og annen vegetasjon.	Nasjonalparkstyret	Sekretariatet, SNO, Bruksrettskavarar, Lom fjellstyre	Sekretariatet, SNO, Bruksrettskavarar, Lom fjellstyre	2021 -	Årleg	Inngjerding av areal og fjerne einer m.m. i tråd med skjøtelsplanen. Styrt beiting av rydda areal med geit.	kr 100 000			
7	Mørkriddalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Slått på Berget	Nasjonalparkstyret	Grunneigar	Grunneigar	2024 -	Årleg	Grunneigar har byrja å slå den gamle slåttemarka, og i 2024 har ein rydda eit nytt areal som har stort potensial til å verta slåttemark i god hevd. I 2025 har det gamle arealet blitt rydda for bringebær, og raka så det er klart til å byrja med årleg slått.	26650			
8	Mysubytta LVO - VV00002829	Skjøtsel av vegetasjon	Skjøtsel i Mysubytta lvo	Nasjonalparkstyret	Skjåk Almenning, setereigarar	Skjåk Almenning, setereigarar	2018-	Årleg	Fjerne einer m.m. i tråd med skjøtelsplanen.	kr 50 000			
9	Vigdalen LVO-VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Hautbeite med hest, inngjerding og rydding av naturbeitemark på Fjellstølen.	Nasjonalparkstyret	Grunneigar, nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2016-	Årleg	Inngjerda beiting med hest. Hovudfokus på naturbeitemark kring Vigdalsstølen, jf. skjøtselplan. Oppsetting/nedattaking av gjerde, rydding av naturbeitemark.	kr 20 900			
10	Vigdalen LVO-VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster og tynning av skog på naturbeitemark Fjellstølen.	Nasjonalparkstyret	Grunneigar, nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2023-		Rydding og slått som skildra i skjøtselplan.	kr 27 300			
11	Mørkriddalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Fjerning av tistel på Dalen	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2015-	Årleg	Tiltak vart starta i 2015 og har hatt god verknad. Tiltaket bør følgjast opp nokre år til.	kr 33 000 *			
12	Mørkriddalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Styving av alm i Steinhaugen/Øygarden	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO, treskjærar	Treskjærar med tilkomstefaring	2023-		Tiltaket er oppfølging av plan for styvingstrær på Steinhaugen og Øygarden i Mørkriddalen LVO utarbeida av økolog Steinar Vatne, rapport 1-2022.	kr 50 000			
13	Mørkriddalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding, slått og beite på Liane	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar, evt Skjolden bygdeservice	2023-	Årleg	I samsvar med skjøtelsplan skal stølsvollen kring Liane ryddast.	kr 33 000 *			
14	Mørkriddalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekst, slå og rake på Knivabakkli	Nasjonalparkstyret	Grunneigarar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2021 -	Årleg	Oppfølging av tiltak i 2020 der ein tek oppskot av bjørk og einer, tyrhjelms og brennesle. Det er lagt inn ekstra oppdrag i 2026 på opning av sti/naturbeitemark mellom Knivabakkli og Knivabakkgjerdet.	kr 35 250 *			
15	Vigdalen LVO-VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster og tynning av skog på naturbeitemark Breidsete	Nasjonalparkstyret	Grunneigar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2021 -	Årleg	Rydding og slått som skildra i skjøtselplan	kr 27 050			
16	Vigdalen LVO-VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av problemvekster og tynning av skog på naturbeitemark Drivande	Nasjonalparkstyret	Grunneigar, Nasjonalparkstyret, SNO	Grunneigar	2021 -	Årleg	Rydding og slått som skildra i skjøtselplan	kr 15 000			
17	Mysubytta LVO - VV00002829	Skjøtsel av vegetasjon	Intensiv beiting med geit	Nasjonalparkstyret	Simon Eisar		2024-	Årleg	Intensiv beiting med geit på avgrensa areal. Godt samarbeid med beitebrukar	kr 50 000			

18	Mørkridsdalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Intensiv beiting med geit på Bergaflaten	Nasjonalparks tyret	Beitebrukar	Beitebrukar	2024-	Årleg	Intensiv beiting med geit på avgrensa areal. Godt samarbeid med beitebrukar	50000			
19	Mørkridsdalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Fjerning av tistel, einer og lauvoppslag på Fossen	Nasjonalparks tyret	Grunneigar	Grunneigar	2024-	Årleg	Rydding og slått som skildra i skjøtselplan	15000 *			
20	Mørkridsdalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av einar og slått av tyrihjeml på Fast	Nasjonalparks tyret	Grunneigar	Grunneigar	2024-2027?	2026	Rydding og slått som skildra i skjøtselplan	20000			
21	Mørkridsdalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Restaurering av slåttemyr på Dulsete	Nasjonalparks tyret	Grunneigar	Grunneigar	2024-		Rydding som skildra i skjøtselplan	15000			
22	Mørkridsdalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Fjerne smågraner, einer og kratt ved Åsete	Nasjonalparks tyret	Grunneigar	Grunneigar	2025	Årleg	Behov for å hindra gjengroing med framande artar, og uønska vekster rundt stølen.	25450			
23	Mørkridsdalen LVO VV00002832	Skjøtsel av vegetasjon	Rydde or frå Drvandefossen	Nasjonalparks tyret	Skjolden bygdeservice	Skjolden bygdeservice	2025		Behov for å fylgja opp tiltak gjennomført i 2024 + rydding etter Amy	33000			
24	Vigdalen LVO- VV00002831	Tilrettelegging	Utbetring på stien mellom Fjellstølen og Vierøy	Nasjonalparks tyret	Grunneigar	Grunneigar	2025		Buforvegen til beitebrukar har skidd i elva, og det er vanskelig for storfe å ta seg fram.	60 000			
25	Vigdalen LVO- VV00002831	Skjøtsel av vegetasjon	Rydding av myr	Nasjonalparks tyret	Grunneigar	Grunneigar	2025		Utviding av ryddeprosjekt på fjellstølen	15 000			
26	Høyrokampen NR	Skjøtsel av vegetasjon		Nasjonalparks tyret			2026	Årleg	Byrje skjøtselstiltak i tråd med skjøtelsplan for Høyrokampen	50 000			
27	Mørkridsdalen LVO VV00002832	Kartlegging og prioritering av tiltak mot almesjuka		Nasjonalparks tyret			2026		Almesjuka er ein svært aggressiv sjukdom som er kome til Sogn og kan ta livet av almetrær. Sjukdommen er påvist i Luster kommune, men ikkje innanfor verneområda til Breheimen. Det er behov for ein strategi for førebyggjande tiltak og kva tiltak ein skal gjennomføra dersom sjukdommen vert påvist innanfor verneområda.	50 000			
	Mørkridsdalen LVO VV00002832	Tilrettelegging	Reparere bru ved Grasøygrovi og legge på plass stabbestear	Nasjonalparks tyret			2026		Det manglar stabbestear på fleire stadar som det har blitt gjort tiltak på buforingsvegen mellom Hyrnevollen og Fossen. Det er behov for å få lagt desse til rette for å hindre at storfe skubbar kvarandre utor kanten. Kostnaden ved tiltaket kan gjennomførast med midlar som er i Luster kommune.	80 000			
28	Breheimen NP - VV00002830	Informasjon	Utarbeide nye informasjonsplakater (hovedplakat og temaplakat) etter ny merkevaremal for Norges nasjonalparker.	Nasjonalparks tyret		Sekretariat, SNO	2022-		Informasjonsplakater til informasjonspunkt Breheimen NP.	kr 200 000			
29	Breheimen NP - VV00002830	Informasjon	Etablere nye infopunkt med bakgrunn i prioritering i besøksstrategien.	Nasjonalparks tyret		Sekretariat, SNO	2022-		Erstatte tavler i samsvar med den nye merkevaren.	kr 100 000			
30	Breheimen NP - VV00002830	Tilrettelegging	Flaumen i Skjåk - Skader på infrastruktur Breheimen	Nasjonalparks tyret			2018 - 2022		Ligger fortsatt midler til egenandel Naturskadefondet i Skjåk Almenning (Rest: 217.590,-).	kr 0			
31	Breheimen NP - VV00002830	Tilrettelegging	Innfallsport Billingen	Nasjonalparks tyret			2025		Tilrettelegging ved Billingen og rundt	100000			
32	Breheimen NP - VV00002830	Tilrettelegging	Moglegheitsstudie Billingen - Sota - Dønfoss	Nasjonalparks tyret			2025		Kostnadsoverslag er omtrent. Ynsk	150000			
									SUM:	kr 1 710 000			

ST 44/25 Eventuelt /